

Sigrid Skålnes

Den offentlege forvaltninga av reindrifta

- omdømmeundersøkinga



NIBR

Norsk institutt for by- og regionforskning

Den offentlige
forvaltningen av
reindrifta

Sigrid Skålnes

Den offentlige
forvaltninga av reindriffta
- omdømmeundersøkinga

NIBR-rapport 2011:4

Tittel: **Den offentlege forvaltninga av reindrifta
- omdømmeundersøkinga**

Forfatter: Sigrid Skålnes

NIBR-rapport: 2011:4
ISSN: 1502-9794
ISBN: 978-82-7071-861-0
Prosjektnummer: O-2837
Prosjektnamn: Omdømmeevaluering av den offentlege
forvaltninga av reindrifta

Oppdragsgjevar: Landbruks- og matdepartementet
Prosjektleiar: Sigrid Skålnes

Referat: Rapporten presenterer ei undersøking av omdømmet til den offentlege forvaltninga av reindrifta. Det er omverda til reindriftsforvaltninga, - offentlege institusjonar og private organisasjonar som har med eller kan tenkjast å ha med reindriftsforvaltninga som har gitt sitt inntrykk av denne. Undersøkinga viser at reindriftsforvaltninga er heller lite kjent av omverda, den blir oppfatta som fagleg dyktig, men ikkje nødvendigvis lett å forhalda seg til.

Samandrag: Norsk og engelsk

Dato: Januar 2011
Tal sider: 103

Pris: Kr 250,-

Utgjevar: Norsk institutt for by- og regionforskning
Gaustadalléen 21,
0349 OSLO
Telefon: (+47) 22 95 88 00
Telefaks: (+47) 22 60 77 74
E-post: nibr@nibr.no
http://www.nibr.no

Vår heimeside: <http://www.nibr.no>

Trykk: Nordberg A.S.
Org. nr. NO 970205284 MVA
© NIBR 2011

Forord

Denne rapporten omhandlar omdømmet til den offentlege forvaltninga av reindrifta i Noreg, og er skriven på oppdrag av Landbruks- og matdepartementet (LMD) Rapporten bygger på ei spørjeundersøking gjennomført i april/mai 2010 blant kommunar, fylkeskommunar, fylkesmenn, eit utval friviljuge organisasjonar og næringsorganisasjonar og blant reinbeitedistrikta i det som er forvaltningsområdet for reindriftsforvaltninga. Geografisk omfattar dette heile eller deler av ti fylke her i landet.

Arbeidet er ein del av internevalueringa av reindriftsforvaltninga som LMD gjennomfører, og til dette arbeidet blei det nedsett ei eiga arbeidsgruppe med følgjande medlemmer:

Tor Stafsnes., assisterande fylkesmann i Finnmark, og leiar for gruppa

Berit Marie Eira, Reindriftsstyret

Jan Yngvar Kiel, Reindriftsstyret

Linda T. Moen, Områdestyret i Nordland

Iver Per Smuk, Områdestyret i Aust-Finnmark

Tone Seppola, Reindriftsforvaltninga

Mikkel Ailo Gaup, Reindriftsforvaltninga

Marit Myklevold, Landbruks- og matdepartementet

Sunna Marie Pentha, Landbruks- og matdepartementet har vore sekretær for gruppa.

Frå NIBR si side har forskarane Sigrid Skålnes og Frants Gundersen medverka; Skålnes har leia arbeidet og skrive rapporten, medan Gundersen har medverka i gjennomføring av spørjeundersøkinga.

I løpet av prosjektperioden har vi møtt arbeidsgruppa tre gonger, i tillegg til deler av arbeidsgruppa ein gong.

NIBR ønskjer å takka oppdragsgjevar og arbeidsgruppe for velvilje vi har blitt møtt med i gjennomføringa av prosjektet, og for interessante, opplysende og utfordrande kommentarar til tolking og presentasjon av funn.

Oslo, januar 2011

Olaf Foss
Forskingssjef

Innhald

Forord	1
Figuroversikt	5
Samandrag	7
Summary	16
1 Innleiing	26
1.1 Oppdraget	26
1.2 Omdømme	28
1.2.1 Reindriftsforvaltninga	30
1.3 Spørjeundersøking	31
1.3.1 Kommenterar til metodevalet	33
2 Kjennskap til og kontakt med den offentlege forvaltninga av reindriften	35
2.1 Kontakt med den offentlege forvaltninga av reindriften	35
2.2 Kjennskap til den offentlege forvaltninga av reindriften	38
2.2.1 Kontakt med styringsorgana	43
2.2.2 Karakterisering av kjennskapet til den offentlege forvaltninga av reindriften	44
2.3 Oppsummering	50
3 Reindriftsforvaltninga i eit samfunnsperspektiv	51
3.1 Den offentlege forvaltninga av reindriften og andre samfunnsinteresser	55
3.1.1 Forvaltningas handtering av konflikter i forhold til andre samfunnsinteresser	58
3.1.2 Behov for endring innanfor forvaltninga?	62
3.2 Oppsummering	64
4 Forvaltninga og næringa	66
4.1 Oppsummering	70

5	Den offentlege forvaltninga av reindrifta som offentlig organ.....	71
5.1	Kva er viktig for den offentlege forvaltninga av reindrifta i deira arbeid for reindrifta?.....	75
5.2	Oppsummering	76
6	Kommunikasjon med omverda.....	78
6.1	Reindriftsforvaltninga og kommunikasjon.....	79
6.2	Oppsummering	83
7	Utfordringar framover	85
7.1	Ein vanskeleg konstruksjon.....	85
7.2	Utfordringane slik omverda ser dei	87
Litteratur	89	
Vedlegg 1	Spørreskjema.....	90

Figuroversikt

Figur 2.1Hvor ofte har dere kontakt med Landbruks- og matdepartementet, reindriftsforvaltningen i Alta og lokalkontorene i saker som har med reindriften å gjøre? Prosent. N=240	36
Figur 2.2Målgruppene som svært ofte eller ofte har kontakt med hovedkontoret i Alta eller med lokalkontora. Prosent. N=345.....	37
Figur 2.3Hvor enig er du i følgende påstander? Prosent. N=231	40
Figur 2.4Ulike informantgruppers vurdering av om reindriftsforvaltninga blir oppfatta. Prosent. N=231.	41
Figur 2.5Hvor ofte har dere kontakt med styringsorganene? Prosent. N=219.....	43
Figur 2.6Hvordan vil dere karakterisere deres kjennskap til den offentlige forvaltningen av reindriften? Prosent. N= 238.....	44
Figur 2.7Hvordan er deres samlede inntrykk av arbeidet til følgende organer når det gjelder den offentlige forvaltningen av reindriften? Prosent. N=231	46
Figur 2.8Samlet inntrykk (svært godt eller godt) av lokalkontorene og områdestyrene etter organisasjonstilknytting. Prosent. N=231	47
Figur 2.9Vurdering (svært god eller god) av lokalkontora og områdestyra etter region. N=231	48
Figur 2.10...Ved kontakt med den offentlige forvaltningen av reindriften (kontorene eller styrene), hvem er det vanligvis som tar kontakt? Prosent. N=221	49
Figur 3.1Hvor enige er dere i følgende påstander? Prosent. N=216.....	53
Figur 3.2Oversikt over dei som har svara ”Ja, absolutt” og ”Ja, men det kunne vært betre” på spørsmålet	

	om den offentlege forvaltninga av reindrifta bidreg på ein god måte med tanke på å få omverda til å forstå at næringa er viktig for samisk kultur, og har ein spesiell rettstilling i samfunnet vårt. Prosent. N=216.....	54
Figur 3.3Reindriftsforvaltning og andre samfunnsinteresser. Prosent. N=214.....	55
Figur 3.4Ulike gruppers vurdering av korleis den offentlege reindriftsforvaltninga tek omsyn til andre interesser når det gjeld arealspørsmål. Prosent. N= 214.....	56
Figur 3.5Regional fordeling av svara Ja, absolutt og Ja, i noen grad på spørsmålet om reindriftsforvaltningen tek hensyn til andre samfunnsinteresser når det gjelder arealforvaltning, andres bruk av reinbeiteområdet og andres ønske om vern av arealer. Prosent. N=214.....	57
Figur 3.6Vurdering av forvaltningas handtering av konflikt med andre samfunnsinteresser. Prosent. N= 213.....	59
Figur 3.7Regional fordeling av svarene helt enig/noe enig for fem ulike påstander om reindriftsforvaltningen og andre samfunnsinteresser. Prosent. N=213.....	61
Figur 4.1Forvaltninga og næringa. Prosent. N=265.....	67
Figur 4.2Ulike gruppers vurdering av påstander om reindriftsforvaltningen. Prosent. N=265.	68
Figur 4.3Regional fordeling av dei som er helt enige/noe enige i tre ulike påstandar om reindriftsforvaltninga. Prosent. N= 212.....	69
Figur 5.1Reindriftsforvaltninga som offentleg organ. Prosent. N=211.....	72
Figur 5.2Vurdering av samarbeid av reindriftsforvaltningas samarbeid med andre, og forvaltningas konfliktløysing innan reindriftsnæringa. Prosent. N=212	73
Figur 5.3Regional fordeling med omsyn til vurdering av påstandar om reindriftsforvaltninga.	74
Figur 6.1Forvaltninga og kommunikasjon med omverda. Prosent. N=211.....	80
Figur 6.2Forvaltning og kommunikasjon med omverda etter respondentgrupper. N=211.....	81
Figur 6.3Geografisk resultat av vurdering av seks påstandar om reindriftsforvaltninga og kommunikasjon. N=213. Prosent.....	82

Samandrag

Sigrid Skålnes

Den offentlege forvaltninga av reindrif

- omdømmeundersøkinga

NIBR-rapport 2011:4

Denne rapporten er laga på oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet (LMD), for å undersøkje kva omdømme den offentlege reindrifsförvaltninga har i omverda si.

Reindrif føregår i om lag 140 av kommunane her i landet, dei fleste av desse i Nord-Noreg. Om lag 40 prosent av landarealet i Noreg er omfatta av reindrif. Landbruks- og matdepartementet er det ansvarlege næringsdepartementet for reindrifspolitikken. Den offentlege förvaltninga skil seg ut i høve til förvaltninga av andre fagområde, med den sentrale reindrifsförvaltninga lokalisert i Alta, og med landet inndelt i seks reinbeiteområde¹. Reindrifsförvaltning har det samla ansvaret for reindrif her i landet, og skal medverka til at måla i reindrifspolitikken blir nådde. I kvart av reinbeiteområda er det etablert lokale förvaltningskontor som er underlagt Reindrifsförvaltninga i Alta. Lokalkontora er lokaliserte til Karasjok, Kautokeino, Bardufoss, Fauske, Snåsa og Røros. Dei fire ikkje-samiske tamreinlaga i Nord-Gudbrandsdal og Valdres sorterer under förvaltningskontoret på Røros. For kvart reinbeiteområde er det etablert eit områdestyre som er oppnemnd av dei respektive fylkestinga og Sametinget. Reindrifsstyret er overordna myndighet for områdestyra og klageinstans for vedtak som er tekne i områdestyra. Reindrifsstyret er fagleg rådgjevar for förvaltninga av reindrifsnæringa og offentlig förvaltningsorgan

¹ Aust-Finnmark, Vest-Finnmark, Troms, Nordland, Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag/Hedmark. Retten til å drive reindrif innanfor desse områda er eksklusiv for den samiske befolkninga. Denne samiske særretten gjeld ikkje utanfor desse områda.

som skal medverka til at styresmaktene når dei overordna måla for reindriftpolitikken, slik desse er fastsette av Stortinget. Reindriftslova utgjer det legale grunnlaget for Reindriftsstyret. Kvart år rapporterer Reindriftsstyret til Landbruks- og matdepartementet. Reindriftsforvaltninga i Alta er sekretariat for Reindrifststyret. For kvart reinbeiteområde er det etablert eit områdestyre som er oppnemnt av dei respektive fylkestinga og Sametinget.

Områdestyra er forvaltningsorgan, og skal vera faglege rådgjevarar og premissgjevarar ovanfor offentleg forvaltning og andre i saker som vedkjem reindriften i det aktuelle reinbeiteområdet, i tillegg til andre oppgåver tildelt av departementet. Slike oppgåver kan ha med arealbruk å gjera, for eksempel er områdestyra tildelt motsegnrett etter plan- og bygningslova.

Rapporten baserer seg på ein spørjeundersøking sendt til alle kommunar, fylkeskommunar og fylkesmenn innanfor det samiske reinbeiteområdet, i tillegg til kommunane der ikkje-samisk reindrif foregår. Undersøkinga blei også sendt til aktuelle næringsorganisasjonar og eit utval frivillige organisasjonar som på ulike måtar har interesse for arealet reindriften brukar. og til reinbeitedistrikta og aktuelle deler av forsvaret. Undersøkinga omfattar 345 respondentar, og av desse svarte 264 undersøkinga, det vil seia ein svarprosent 76%. Svarprosenten vurderer vi som svært god.

Kontakt med og kjennskap til den offentlege reindriftsforvaltninga

Det er lokalkontora og til ein viss grad hovudkontoret i Alta at respondentane har mest kontakt med når det gjeld reindriftsforvaltninga. Få har kontakt med departementet (LMD). Og det er reinbeitedistrikta som har mest kontakt med forvaltningsapparatet.

Då spørsmåla til spørjeundersøkinga vart laga var ei av hypotesane at det er vanskeleg å få oversikt over reindriftsforvaltninga, vi trudde omgjevningane opplever det som problematisk å skilja dei ulike delane av forvaltninga frå kvarandre. Undersøkinga viste at dette er tilfelle, hovudinntrykket når det gjeld kjennskap til forvaltninga er at det er vanskeleg å forstå korleis ansvarsområda er delte, særleg gjeld det kva funksjonar reindriftsstyret og områdestyra har, men det gjeld og oppgåvefordeling mellom administrative og politiske organ, i tillegg til at mange meiner det er vanskeleg å skilja mellom forvaltning og næring, eller mellom kontora og styra. Dette gjeld også dei som har mest kontakt med

reindriftsforvaltninga; reinbeitedistrikta. Det er eit lite fåtal som seier dei har ofte kontakt med styringsorgana, og det organet som blir nemnt oftast er områdestyra. Tilsvarande er det lokalkontora som respondentane i størst grad har kontakt med. Lokalkontora er vidare det organet som får best skussmål, tredjeparten av dei som svarte har eit godt inntrykk av lokalkontora. Ingen av dei andre organa var i nærheten av å få ein slik omtale. Respondentane i Trøndelagsfylka og Finnmark gjev i større grad enn dei andre gode vurderingar her. Det er også minst innslag av ”veit ikkje”-svar frå dei nordlegaste fylka.

Reindriftsforvaltninga i eit samfunnsperspektiv

Reindriftsforvaltninga klarar å synleggjera at næringa har ein spesiell rettstilling i samfunnet, og er viktig for samisk kultur. Godt over halvparten av dei som har svara er endige med påstanden, vel 64% for den førstnemnde påstanden og nærare 58% for den sistnemnde. Mange meiner elles at forvaltninga er nokså anonym, men klarar likevel å visa at reindriftsnæringa har ein rettmessig plass i samfunnet. Vel tredjeparten er samde med at forvaltninga får fram at næringa er viktig, medan berre vel femteparten meiner at forvaltninga tek rimeleg omsyn til andre næringars behov.

Om lag 40% meiner at reindriftsforvaltninga tek omsyn til andre samfunnsinteresser både når det gjeld arealforvaltning og andres ønskje om vern av areal, men også når det gjeld andres bruk av reinbeiteområdet. Men om lag like mange meiner at reindriftsforvaltninga i svært liten grad eller ikkje tek omsyn til andre samfunnsinteresser når det gjeld arealforvaltning eller andres bruk av reinbeiteområdet. Berre når det gjeld andres ønskje om vern av areala er det langt færre som meiner reindriftsforvaltninga ikkje tek omsyn til dette enn som tek omsyn til det.

Medan meir enn ni av ti reinbeitedistrikt meiner at reindriftsforvaltninga tek omsyn til andre samfunnsinteresser når det gjeld plansaker eller andres bruk av reinbeiteområda – allmennheten eller næringsinteresser -, så er det godt under fire av ti av offentlege organisasjonar eller etar som seier dette. Og for både interesseorganisasjonar og næringsorganisasjonar er tala enda lågare. Prosentvis er det færre av dei som har svara frå Finnmark som meiner forvaltning tek omsyn til andre samfunnsinteresser. Og som tidlegare er det færrest ”veit ikkje”-svar frå Finnmark.

Reindrifftsforvaltning blir oppfatta å vera grei å komma i dialog med, men også som ei forvaltning som ofte møter med fastlåste meiningar, eller som har vanskeleg for å sjå andre e andres behov. Reinbeitedistrikta (30,6%) er dei som sterkast støttar påstanden om at reindrifftsforvaltninga er gode til å finna løysingar saman med andre. Det same gjeld påstanden om at det er greitt å komma i dialog med reindrifftsforvaltninga, også her er det reinbeitedistrikta (41,7%) som i størst grad er einige med påstanden. Når det gjeld påstanden om at reindrifftsforvaltninga ofte møter med fastlåste meiningar så er det liten forskjell mellom dei ulike kategoriane informantar, med unntak av ei gruppe; interesseorganisasjonane (18,3%), som er dei som er minst einige i at reindrifftsforvaltninga møter andre med fastlåste meiningar. Svara frå Finnmark peikar seg ut ved å vera jamt over meir positive enn svara elles, og ved at prosentvis fleire tek stilling til påstandane, det vil seia at få svarar "veit ikkje".

Når det gjeld behov for endringar innanfor organisering av reindrifftsforvaltninga, så er det ikkje stor oppslutnad om det. Men mange meiner likevel at områdestyra bør styrkast.

Forvaltninga og næringa

Kjennskap til samisk kultur blir oppfatta som svært viktig for forvaltning av reindriffts-næringa. Reindrifftsforvaltninga blir sett som ei forvaltning som kjenner godt til næringa den skal forvalta. Samstundes meiner fleire enn tredjeparten av dei som deltek i undersøkinga at reindrifftsforvaltning er styrt av folk med eigeninteresse i næringa, og enda fleire meiner at forvaltninga ikkje tek tak i dei viktigaste utfordringane næringa har. Om vi ser bort frå reinbeitedistrikta så er det også få som meiner forvaltninga har nødvendig avstand til næringa den forvaltar. Igjen peikar Finnmarksvara seg ut, og her ved å vera meir kritiske enn svara elles, prosentvis fleire frå Finnmark enn elles meiner at forvaltninga er styrt av folk med eigeninteresse i næringa, og at forvaltninga ikkje tek tak i utfordringane i næringa.

Reindrifftsforvaltninga som offentleg organ

I spørjeundersøkinga vår hadde vi med påstandar om reindrifftsforvaltninga. Når det gjeld forvaltninga som offentleg organ hevda vi blant anna at reindrifftsforvaltninga er effektiv og handlekraftig, får sakene rimeleg raskt unna og framstår som

ryddig og talar med ei stemme. Ingen av desse påstandane fekk stor oppslutning – for alle er det mellom 25 og 28 prosent som sa dei er einige med desse utsegnene. Derimot fekk tre negative påstandar vi hadde med under same del av undersøkinga langt større oppslutnad. Dette var påstandar som viser til negative sider ved forvaltninga, at brukarane ofte opplever forseinking og utsetting, at ulike deler av forvaltninga ikkje samarbeidar godt nok, og at forvaltninga er for dårleg til å gå inn i konflikhtar i næringa. Alle desse påstandane får høgare oppslutning enn dei tre førstnemnde. Særleg gjeld dette påstanden om at forvaltninga er for dårleg til å gå inn i konflikhtar i reindriftsnæringa, vel 42% av dei som har svara meiner denne påstanden stemmer. Men også godt over tredjeparten av informantane er einige med dei to andre påstandane. Det er reinbeitedistrikta og næringsorganisasjonane som er mest kritiske i svara. Vel to tredjedeler av reinbeitedistrikta meiner at ulike deler av reindriftsforvaltninga er for dårleg til å samarbeida, og over 70 prosent av reinbeitedistrikta meiner forvaltninga er for dårleg til å gå inn i konflikhtar i næringa. Desse tala er høgare enn kva dei er for næringsorganisasjonane, og vesentlege høgare enn kva offentlege organ og etatar, eller interesseorganisasjonar seier. Regionalt skil igjen Finnmark seg ut frå resten av området, ved at prosentvis fleire frå dette fylket meiner at reindriftsforvaltninga ikkje samarbeider godt nok med andre etatar og at reindriftsforvaltninga er for dårleg til å gå inn i konflikhtar i næringa.

Påstanden om dårleg handtering av konflikt i næringa er elles ein av påstandane som får størst oppslutnad i undersøkinga. Unntaket her er påstanden om at reindriftsforvaltninga tek omsyn til andre interesser når det gjeld arealspørsmål, som får vesentleg høgare oppslutnad frå reinbeitedistrikta, men ikkje frå dei andre grupperingane.

Kommunikasjon med omverda

Oppsummeringsvis kan vi seia at reindriftsforvaltninga får dårleg omtale når det gjeld kommunikasjon med omverda, og sjølv om reinbeitedistrikta er dei som jamt over er mest positive, så er heller ikkje dei spesielt positive. Omdømme er avhengig av at omverda kjenner til ein, på godt og vondt. Reindriftsforvaltninga synest samla sett ikkje som ei forvaltning som er dyktig til å bruka massemedia, og dermed bygga seg opp eit godt omdømme

gjennom dette. Kommunikasjonen mot omverda blir oppfatta som utydeleg, og framfor alt er det vanskeleg å vita om det er forvaltninga eller næringa som har uttalt seg. Reindriftsforvaltninga har knappast eieansvaret for at omverda ikkje klarar å skilja mellom reindriftsforvaltninga og reindriftsnæringa, men forvaltninga synest like fullt å ikkje ha vore tydeleg nok i kva den har ansvar for og kva næringa har ansvar for. I alle fall må vi kunna seia dette når respondentane ikkje er eit tilfeldig utval av befolkninga, men i utgangspunktet representerer andre organ eller organisasjonar som kan tenkjast å ha med reindriftsforvaltninga å gjera i større eller mindre grad. Reindriftsforvaltninga framstår med andre ord som lite dyktig i å bruka massemedia – og dermed lite synleg og utydeleg for kompetente respondentar innanfor reindriftsforvaltninga sitt eige geografiske område.

Omverda – her representert ved utvalet vårt – er også nokså kritiske til *korleis* reindriftsforvaltninga forhold seg til andre på. Fleirtalet er ueinige i vår påstand om at reindriftsforvaltninga er opptatt av å få til dialog med andre, er forhandlingsvillig eller at dei har eit nært og godt forhold til omverda. Særleg er det svært få som meiner at reindriftsforvaltninga har eit nært og godt forhold til omverda. Samstundes er det verdt å merka seg at kritikken mot reindriftsforvaltninga jamt over ikkje er like sterk frå Finnmark som frå resten av forvaltningsområdet, og at Finnmark i langt større grad enn andre oppfattar reindriftsforvaltninga som ei forvaltning som er opptatt å få til dialog med andre. Samla er det all grunn til å tru at offentlege aktørar i Finnmark har meir erfaring med å gå inn i forhandlingar med reindriftsforvaltninga enn kva offentlege aktørar elles har, og såleis har solid bakgrunn for standpunkta sine.

God kunnskap om næringa, dårleg forhold til omverda

Reindriftsforvaltninga er vanskeleg å forstå, i meininga å få oversikt over – også for dei som etter all sannsyn har mest med den å gjera; dei som er innanfor næringa. I utvalet vårt er dei først og fremst representert ved reinbeitedistrikta. Det er likevel visse forskjellar i kva grad reindriftsforvaltninga er kjent for omverda, og kva omverda meiner om dei ulike delane av forvaltninga. Hovudtrekka er at dei som er nærast omverda, anten det gjeld næringa eller andre offentlege institusjonar, er dei som er mest kjende og dei som får best skussmål. Og desse er lokalkontora og

områdestyra. Hovudinstrykket elles er at reindrifftsforvaltninga er ein vanskeleg konstruksjon å få oversikt over, og at svært mange av respondentane våre ikkje veit kva dei meiner om dei ulike delane av det forvaltningsapparatet som samla utgjer den offentlege forvaltninga av reindriffta i Noreg. Svara vi har fått fortel slik ikkje først og fremst om at reindrifftsforvaltninga gjer ein god eller dårleg jobb, men at omverda – anten det er kommunar, fylkeskommunar eller frivillige organisasjonar – ikkje veit kva dei meiner om reindrifftsforvaltninga sitt arbeid. Det andre svaret vi får her er at dei som seier dei kjenner reindrifftsforvaltninga best - og det er reinbeitedistrikta - også er dei som gjev denne best omtale.

Korleis blir så arbeidet til reindrifftsforvaltninga vurdert sett i forhold til andre samfunnsinteresser? Svara her er at reindrifftsforvaltninga er gode til å synleggjera at dei arbeider med ei næring som har ein spesiell rettstilling i samfunnet, og at næringa er viktig for samisk kultur. Særstilling krev like fullt evne til å forhalda seg til andre samfunnsinteresser, og her er tilbakemeldinga meir delt, der eit knapt fleirtal meiner at reindrifftsforvaltninga ikkje tek omsyn til andre samfunnsinteresser, anten det gjeld arealforvaltning eller andres bruk av reinbeiteområda. Samstundes blir reindrifftsforvaltninga oppfatta som ei forvaltning som rett nok er grei å komma i dialog med, men samstundes som ei forvaltning som ofte møter med fastlåste meiningar og som har vanskeleg for å sjå andre sine behov. Igjen peikar reinbeitedistrikta seg ut, ved å vera dei som i minst grad støttar opp om biletet av reindrifftsforvaltninga som ei forvaltning som er klar over si særstilling, og som har vanskar med å gå i dialog med andre.

Reindrifftsforvaltninga blir oppfatta som ei forvaltning med god kunnskap om næringa den skal forvalta. Baksida her synest å vera at forvaltninga i følgje respondentane våre ikkje har nødvendig avstand til næringa, slik det er forventa at forvaltninga skal ha. Spørjeundersøkinga gjev oss heller ikkje inntrykk av ei reindrifftsforvaltning som tek tak i dei viktigaste utfordringane i næringa, noko ikkje minst reinbeitedistrikta seier.

Som *offentleg* organ framstår reindrifftsforvaltninga ikkje som effektiv og handlekraftig, biletet er snarare ei forvaltning som ikkje samarbeider godt nok, der brukarane ofte opplever forseinking og utsetjing, og at forvaltninga er dårleg til å gå inn i konflikhtar i næringa. Og det er dei som er i næringa, her representert ved

reinbeitedistrikta, som er mest kritiske. Samstundes er reinbeitedistrikta dei som først og fremst meiner at forvaltninga er opptatt av å få dialog med andre interesser, villige til å forhandla seg fram til løysingar og har eit godt og nært forhold til omverda. Samla sett blir likevel reindriftsforvaltninga oppfatta som ei offentleg forvaltning som er dårleg i kommunikasjonen med omverda

Om vi ser på spørjeundersøkinga under eitt, gjev denne oss eit inntrykk av ei forvaltning som har svært god kunnskap om næringa den forvaltar og god kjennskap til det spesielle med denne næringa. Samstundes blir forvaltninga oppfatta som ei forvaltning som ikkje heilt lever opp til noko av det som blir forventa av offentleg forvaltning, det vil seie å ha avstand til næringa ein forvaltar, ikkje møta med fastlåste meiningar, ha evne til å gå inn i konflikhtar og i dialog med andre, og finna nødvendige avvegingar og kompromiss.

Utfordringar framover

Det er to ord som peikar seg ut når det gjeld utfordringar for hopehavet mellom reindriftsforvaltninga og omverda i åra som kjem, og det er areal og samhandling. Reindrift i Noreg føregår innanfor ein stor del av arealet her i landet, areal som også andre enn reindriffta brukar. Reindriftsforvaltninga må i mange og ulike situasjonar forhalda seg til andre interessentar når det gjeld bruken og forvaltninga av areal som er av interesse for mange, anten det gjeld ulik næringsutnytting, utbyggingsspørsmål, vern eller bruk til rekreasjon og fritidsføremål. Samstundes er det grunn til å rekna med at klimaendringar kan komma til å påverka også areal som reindriffta nyttar i dag.

Reindriftsforvaltninga i dag blir oppfatta av omverda som ei forvaltning som kjenner godt til næringa den forvaltar, og gjer ein god jobb der, men samstundes som ei forvaltning som har behov for endringar i forhold til omverda. Betre forhold til omverda, betre samhandling med omverda, eller det som kan kallast alliansebygging blir trekt fram som noko av det viktigaste når det er snakk om utfordringar for reindriftsforvaltninga i åra framover, slik omverda ser det. Dialog med andre samfunnsinteresser, medvitne om andre samfunnsinteresser og betre på å finna gode løysingar saman med andre er forslag som går igjen når respondentane våre svarar på kva reindriftsforvaltninga bør bli betre på i tida framover. Ei utfordring her er å klara å skapa

møteplassar der reindriftsforvaltninga kan gå i dialog med andre for å kunna finna løysingar på saker som er viktige for fleire parter. I deler av verkeområdet til reindriftsforvaltninga har det blitt satsa på dialog mellom ulike samfunnsinteresser, og undersøkinga vår tyder på at dette har sett positive spor etter seg. Slike erfaringar kan vera verdt å ta med seg vidare.

Summary

Sigrid Skålnes

The public administration of the reindeer industry

– a reputation assessment

NIBR Report 2011:4

This report came about in response to a request from the Ministry of Agriculture and Food (LMD) for an assessment of opinions of the Norwegian Reindeer Husbandry Administration (hereafter Reindeer Administration) among relevant parties.

Reindeer husbandry is practised in about 140 of the country's municipalities, mostly in Northern Norway; and roughly 40 per cent of Norway's land area. LMD is the responsible sector ministry for reindeer industry policy. The administration of the reindeer industry differs somewhat from the administration of other sectors. The offices of the national Reindeer Administration are located in Alta, and the country is divided into six reindeer herding districts.² Overall responsibility for the reindeer industry in Norway lies with the national Reindeer Administration which is also responsible for facilitating the implementation of government reindeer industry policy and achieving policy objectives. The reindeer herding districts all have a local administration office which is answerable to the national Reindeer Administration in Alta. These local offices are located in Karasjok, Kautokeino, Bardufoss, Fauske, Snåsa and Røros. The four non-Sámi semi-domesticated reindeer districts in Nord-Gudbrandsdal and Valdres come under the Røros administrative office. An area committee (*områdestyre*), appointed by the respective county councils and Sámi

² East-Finnmark, West-Finnmark, Troms, Nordland, Nord-Trøndelag and Sør-Trøndelag/Hedmark. The Sámi people retain exclusive rights to pursue reindeer herding in these areas, but not elsewhere.

Parliament, is in place for each reindeer herding district. The National Reindeer Executive (*Reindrifststyret*) is responsible for the area committees and handles appeals against decisions taken by the area committees. The National Reindeer Executive is scientific adviser on matters to do with the management of the reindeer industry and a public administrative body helping the authorities achieve the main objectives of reindeer industry policy as laid down by the Norwegian Storting (national parliament). The Reindeer Act (*Reindrifstloven*) provides the statutory framework for the work of the National Reindeer Executive. The Executive files reports annually with the LMD. The national Reindeer Administration in Alta acts as secretariat for the National Reindeer Executive. The area committee is an administrative body charged with providing expert advice and guidelines for government bodies and others on matters to do with the reindeer industry in their particular area. It also carries out tasks delegated to it by the ministry. Such responsibilities can be linked to land use. For example, the area committees are empowered to raise objections to land use plans under the Planning and Building Act.

This report is based on responses to a questionnaire sent to every municipal and county council and county governor in the country within the Sámi reindeer herding area, and also to municipal councils with a non-Sámi reindeer industry in their area. Questionnaires were also sent to relevant industrial organisations and voluntary organisation which in different ways have interests in the land used by the reindeer industry. They were also sent to reindeer herding districts and relevant parts of the armed forces. The survey was sent to 345 respondents, of whom 264 filed a response to the questionnaire, giving a response rate of 76 per cent. This we consider to be a very good response rate indeed.

Contact with and awareness of the public Reindeer Administration

Contact between respondents and Reindeer Administration takes place mostly at the level of the local offices on administrative matters pertaining to the reindeer industry, though there is also contact with the head office in Alta. Few are in touch with the ministry (LMD). The reindeer herding districts have most contact with the Reindeer Administration.

When the questions in the questionnaire were formulated, one of the hypotheses was that it would be difficult to obtain clear picture of the administration of the reindeer industry. We assumed others would find it difficult to distinguish the different parts of the administration from one another. As the survey showed, however, this is not the case. The main problem with regard to knowledge of the Administration is understanding where responsibilities lie, especially the division of responsibilities between the National Reindeer Executive and area committees respectively. But this lack of clarity also concerns how responsibilities are shared between administrative and political bodies. Many find it difficult to distinguish between administration and industry, or between offices and committees. This is also true of those with the most contact with the Reindeer Administration, i.e. reindeer herding districts. Similarly, respondents have most contact with the local offices, which, moreover, achieve the best endorsements. A third of the respondents have a good impression of their local office. None of the other bodies come anywhere near this level of appreciation. Respondents in the two Trøndelag counties and in Finnmark are more likely to give good assessments here. The lowest number of “don’t know” responses comes from the northernmost counties too.

Reindeer Administration in a social perspective

The Norwegian Reindeer Administration manages to highlight the special legal status of the industry in society and its importance to Sámi culture. Well over half the respondents agree fully with this proposition: over 64 per cent with the former statement and nearly 58 per cent with the latter. Many see the Administration as a rather anonymous body, but which all the same succeeds in showing how the reindeer industry occupies a rightful place in society. For more than a third, the Administration manages to promote the industry as an important one, while in the opinion of just over a fifth, the Administration takes reasonable account of the needs of other industries.

About 40 per cent believe the Reindeer Administration takes account of other social interests when it comes land use management issues, and of the interests of others in preserving/protecting land, but also with regard to others’ use of reindeer herding areas. But for about just as many, the Reindeer

Administration is not perceived as taking account of other interests in society, or only to a very limited degree, on matters to do with land use management or others' use of reindeer herding areas. Only on the question of whether the Reindeer Administration takes account of the wishes of others to protect the land is the number of those rejecting the proposition much lower than those endorsing it.

While more than nine in ten reindeer herding districts think the Reindeer Administration takes account of other social interests in connection with land use plans or others' use of reindeer herding areas – whether by the public in general or commercial interests – well under four in ten public organisations or agencies agree. And for special interest and industrial organisations respectively the figure is even lower. In percentage terms, those responding from Finnmark are less likely to believe the Administration takes account of other social interests. And, as before, the number of “don't know” responses is lowest in responses from Finnmark.

It is considered easy to enter into a dialogue with the Reindeer Administration, but the Administration is also said to hold rigidly to its views, or at least find it difficult to see others' needs. The reindeer herding districts (30.6 per cent) are strongest supporters of the statement characterising the Reindeer Administration as good at finding common solutions together with others. The same applies to the statement about the ease of entering into a dialogue with the Reindeer Administration. Here, too, the reindeer herding districts (41.7 per cent) are more likely than others to agree with the proposition. With regard to the statement concerning the Reindeer Administration's tendency to entertain rather rigid views, there is little to separate the different informant categories, apart from one particular group, the special interest organisations (18.3 per cent), who are least likely to characterise the Reindeer Administration as a body with rigid opinions. The responses from Finnmark are distinctive in being more positive than generally, and also in displaying a higher percentage of respondents with a definite response to the statements, that is, where the “don't know” box is not ticked.

Turning to the need to reorganise the Reindeer Administration, few see any such need. Nevertheless, many would appreciate a strengthening of the area committees.

Administration and industry

Knowledge of Sámi culture is considered of great importance in the management of the reindeer industry. The Reindeer Administration is seen as an administration with good knowledge of the industry it is set to oversee. At the same time, more than a third of those who took part in the survey believes the Reindeer Administration is run by people with vested interests in the industry, and an even larger number believes the administration is failing to address the most important challenges facing the industry. If we discount the reindeer herding districts, the number for whom the Administration exercises the necessary distance to the industry is also small. Again, the Finnmark responses stand out by being more critical than the general response and by a higher percentage believing the administration to be run by people with vested interests in the industry, and in also failing to address the challenges facing the industry.

Reindeer Administration as public body

We also included in our survey statements about the Reindeer Administration. Regarding the Administration as a public body we postulated among other things that it is efficient and pro-active, gets through the case load relatively quickly, appears to be well run and speaks with one voice. None of these proposals achieved much endorsement – between 25 and 28 per cent. In contrast, three negative statements that we had included in the same section of the survey attracted far more support. They addressed the negative features of the administration, with users frequently experiencing delays and postponements, lack of cooperation between the different parts of the Administration, and an Administration too reticent to engage with conflicts in the industry. All of these statements earned higher support than the three former. We see this particularly in the statement about the administration's reticence to engage with conflicts in the industry: over 42 per cent believe the statement to be true. But also more than a third of the informants agree with the other two statements. The most critical responses come from the reindeer herding districts and industrial organisations. In the opinion of over two thirds of the reindeer herding districts, there is a collaborative shortfall in the different parts of the Reindeer Administration, and over 70 per cent of the reindeer herding districts also see the

administration as too reticent in addressing conflicts in the industry. These figures are higher than for the industrial organisations, and significantly higher than what public bodies and agencies, or special interest organisations, say. In regional terms, Finnmark stands out again with a higher percentage in support of the statement that collaboration between the Reindeer Administration and other agencies is inadequate and that the Administration holds back from involvement in conflicts in the industry.

The statement concerning the administration's inadequate handling of conflicts in the industry also gains some of the highest support in the study. The exception here is the statement where the Reindeer Administration is said to take account of other interests in land use questions, which gains significantly higher support from the reindeer herding districts, but not from the other groups.

Communication with the wider environment

In summary we can say that the Reindeer Administration receives a generally low rating for its communication with the world outside, and while the reindeer herding districts are the ones who tend to be the most positive, even their response is tempered. Reputation and standing depend on what the outside world knows of one, for better or worse. The Reindeer Administration does not emerge at the end of the day as an administrative body with a talent for using the mass media to raise its profile and reputation. Communication directed at the outside world is perceived to be unclear, and, above all, it is difficult to know whether a statement is coming from the Administration or the industry. The Reindeer Administration cannot be blamed entirely if the outside world finds it hard to tell the Administration from the industry, but that notwithstanding, the Administration does not appear to have been sufficiently clear about where its own jurisdiction stops and the industry's starts. This is the least that can be said insofar as the respondents are not a random sample of the population but basically bodies or organisations which can be assumed to have dealings with the Reindeer Administration to a greater or lesser degree. The Reindeer Administration does not appear, in other words, as a particularly media-competent body – and comes across therefore as a rather indiscernible and vague quantity to competent

respondents within the Reindeer Administration's own geographical catchment area.

The outside world – here represented by our sample – is also critical of the manner in which the Reindeer Administration deals with others. The majority disagree with our proposition according to which the Reindeer Administration is concerned to encourage dialogue with others, is willing to negotiate or has close and good relations with the outside world. There is a particularly small number who believe that relations between the Reindeer Administration and its environment are close and good. At the same time, it is worth noting that criticism of the Reindeer Administration tends not to be as strong in Finnmark as the rest of the administrative area; Finnmark respondents, moreover, are also far more likely to characterise the Reindeer Administration as a very willing party in dialogue with others. All told, there are grounds for believing that public actors in Finnmark have more experience with negotiating with the Reindeer Administration than other public officials, and therefore good reason for thinking as they do.

Good knowledge of the industry, poor relations with the outside world

The Reindeer Administration is difficult to understand, in the sense of gaining a clear picture of it – also for those with more to do with it than anyone else, i.e. those within the industry. In our sample, they are represented first of all by the reindeer herding districts. All the same, the degree to which the Reindeer Administration is known to the outside world varies, as does the outside world's opinions of the various divisions of the Administration. In the main, those in closest proximity, whether in the industry or other public institutions, know the Administration best and give it the best references. These are the local offices and area committees. Our overall impression is this: the Reindeer Administration is difficult to figure out as a construction and very many of our respondents do not know what they think about the various components of the administrative machinery which together make up the public administration of the reindeer industry in Norway. The answers given to us do not tell us primarily whether the Reindeer Administration is doing a good or bad job, but that the outside world – whether that means

municipalities, county councils or voluntary organisations – does not know what it thinks about the work of the Reindeer Administration. The second answer we get here is that those who say they know the Reindeer Administration best – they being the reindeer herding districts – are the same ones who give it the highest marks.

How then is the work of the Reindeer Administration perceived in relation to other social interests? The answer here is that the Reindeer Administration is good at raising the profile of its work with an industry, which enjoys a special legal standing in society, and is important for Sámi culture. This special standing requires all the same a capacity to take account of other social interests, and here the responses are more divided. According to a small majority the Reindeer Administration does not take account of other social interests, whether they concern land use management or the use by others of the reindeer herding areas. At the same time, the Reindeer Administration is perceived to be a body with which it is easy to enter into a dialogue, but at the same time as a body which often displays fixed opinions and finds it difficult to see exactly what others actually need. Again, the reindeer herding districts stand out by being least supportive of a picture of the Reindeer Administration as an administrative body with an awareness of its special standing but which finds it difficult to enter into dialogue with others.

The Reindeer Administration is considered an administrative body with a good knowledge of the industry it is set to oversee. But this is let down by a perception of an administrative body which, according to our respondents, fails to maintain the necessary distance to the industry, something one would expect of a public administrative body. Nor does the survey give us an impression of a Reindeer Administration ready to engage with the most urgent challenges in the industry, a point made not least by the reindeer herding districts.

As a *public* body, the Reindeer Administration does not appear to be efficient or pro-active; it is instead perceived to be a body which does not collaborate as well as it should. Users tell of delays and postponements. The Administration also has a poor record of addressing conflicts in the industry. And it is the respondents within the industry itself, here represented by the reindeer herding

districts, who are most critical. At the same time, the reindeer herding districts are the ones who first and foremost think the Administration wants to establish dialogue with other interests, is willing to negotiate a solution, and has close and good relations with the outside world. All the same, the Reindeer Administration is perceived to be a public administration which is poor at communicating with the outside world.

If we look at the survey as a whole, the impression it leaves is of an Administration which knows a great deal about the industry it oversees and the special nature of this industry. At the same time, the Administration does not entirely live up to what is expected of a public administration. It should maintain a certain distance to the industry it oversees; it should not meet parties with fixed opinions; it should be able and ready to engage with conflicts and enter into dialogue with others; and it should be able to find the necessary balance and make concessions.

Challenges ahead

Looking ahead, two words stand out when it comes to challenges in how the Reindeer Administration relates to the outside world, and they are land and collaboration. Reindeer herding in Norway is pursued over large areas of the country, on land which is used by others, not only reindeer herders. The Reindeer Administration should also address the concerns of other interested parties and interests in relation to the use and management of land which is of interest to many, whether the issue is commercial exploitation, building, conservation or use for recreational and leisure purposes. At the same time, there is reason to assume that climate change may affect the land used by the reindeer industry today.

The Reindeer Administration is perceived today by the outside world as well informed about the industry it oversees, and as doing a good job there, but at the same time as an administration which needs to change in relation to the outside world. Better relations with the outside world, better collaboration with the outside world, or what could be called alliance building, is highlighted as one of the most urgent tasks when it comes to challenges facing the administration of the reindeer industry in the years ahead, in the view of the outside world. Dialogue with other social interests, awareness of other social interests and being better at finding satisfactory solutions together with others are what respondents

call for in answer to what the Reindeer Administration could do better. One challenge here is to create venues where the Reindeer Administration can enter into dialogue with others and find solutions to issues of importance to multiple parties. In parts of the area over which the Reindeer Administration has jurisdiction, efforts have been made to encourage different social interests to engage in dialogue, and our study indicates such efforts they have been met with a positive response. Looking ahead, these experiences could be worth taking on board.

1 Innleiing

1.1 Oppdraget

Bakgrunnen for denne rapporten er eit oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet. (LMD) Målsetjinga for oppdraget var å gjennomføra ei omdømmeundersøking av reindriftsforvaltninga. Slik vart dette formulert i tilbodsutlysinga:

Det skal foretas en spørreundersøkelse blant de mest sentrale etater/aktører for å få frem inntrykk og holdninger som eksisterer i forhold til ovennevnte forvaltningsorganer

I programmet som ligg til grunn for noverande regjering - Soria Moria II – blei det uttrykt at regjeringa ville ”sikre en livskraftig reindriftsnæring i balanse med beiteressursane, og som medvirker til å opprettholde samisk egenart. Vi vil evaluere reindriftsforvaltningen”. Bakgrunnen for LMD var følgeleg å kartleggja omdømmet til forvaltningsapparatet for reindrifta.

I søknaden om evalueringsoppdraget skreiv NIBR følgjande:

Kartlegginga skal gjennomføre ei spørjeundersøking, som skal omfatte alle nivåa innanfor forvaltninga, det vil seie departement, forvaltningskontor og styringsorgan. Målsetjinga med undersøkinga er å få fram inntrykk og haldningar som eksisterer i forhold til reindriftsforvaltninga slik den er organisert. Dette kan mellom anna vere tema som:

- Reindrifta i eit samfunnsperspektiv:
Forvaltningsorgana si evne til å sjå eiga næring i eit samfunnsperspektiv (og i kva grad dette er på linje

med andre forvaltningsorgan, eller i konflikt med det, korleis blir eventuelle konflikter løyste?), forholdet til andre næringer og andre interesser, i kva grad blir andre næringer/andre inngrep i arealet oppfatta til å komme i konflikt med reindriftsnæringa? Blir reindriftsforvaltninga oppfatta å opptre ansvarsfullt? I kva grad blir andre interesser (for eksempel andre næringsinteresser) vurderte i forhold til reindriftsinteresser? Blir reindriftsnæringa oppfatta som ein vinnande/tapande part i forhold til samfunnsutviklinga?

- Oppfatningar om oppgåveløysing: Korleis løyser forvaltninga oppgåvene sine, kor effektivt (tidsbruk, tilbagemelding, ryddighet, etc.) blir oppgåvene løyste sett frå samhandlande partar sin ståstad. Blir dei ulike delane av reindriftsforvaltninga oppfatta å samhandle godt?

- Kommunikasjon med omverda: Korleis kommuniserer (dialog, samhandling etc.) reindriftsforvaltninga med eksterne aktørar?

Eit eige spørjeskjema vil bli utarbeidd, basert på ovannemnte tema, der dei ulike spørsmåla vil bli operasjonaliserte, med spesifikke svaralternativ og indikatorar som kan nyttast til å måle korleis dei ulike aktørane bedømmer reindriftsforvaltninga på ulike punkt som samfunnsansvar, effektivitet og kommunikasjon med omverda. Vi legg ved eit utkast til spørjeskjema, der vi kjem med forslag til spørsmål og tema undersøkinga bør ta opp. Utkastet må sjåast på som eit forslag der både spørsmål og svaralternativ kan endrast, og som det vil vere nødvendig å arbeide med vidare saman med oppdragsgjevar og/eller arbeidsgruppa for prosjektet.

Det er resultatane frå denne undersøkinga som blir presentert i føreliggjande rapport. Rapporten er bygd opp ut frå spørjeskjemaet. Vi presenterer først kort reindriftsforvaltninga og undersøkinga vår. Kapittel 2 omhandlar kjennskap til og kontakt mellom reindriftsforvaltning og andre offentlege aktørar, private aktørar og næringer. Reindriftsforvaltninga i eit samfunnsperspektiv

er tema for kapitel 3, kapitel 4 omhandlar forvaltninga og næringa, og i kapitel 5 ser vi på den offentlege forvaltninga av reindriffta som offentleg organ. Kapittel 6 fokuserer på reindrifftsforvaltninga sin kommunikasjon med omverda. Samandraget av rapporten er plassert først i rapporten.

1.2 Omdømme

Omdømmebygging innanfor privat sektor har pågått i mange år, og har også blitt meir aktuelt innanfor offentlege virksomhetar dei siste åra. Offentlege organ har på linje med private verksemder behov for eit godt omdømme. Som private aktørar er ikkje nødvendigvis offentlege aktørar avhengig av marknaden, men langt meir avhengig av politisk autoritet (Strand 2001). Offentlege organisasjonar er offentleg finansierte og må treffa vedtak som har heimel i lover, og som elles forhold seg til ei stor mengd forskrifter og regelverk. Samstundes skal offentlege organisasjonar ofte tena svært ulike gruppe menneske, med ulike krav og forventningar. Det er langt frå alltid snakk om at offentlege organisasjonar skal tena pengar, dei skal bruka og fordela pengar, og oppgåvene i offentleg sektor er komplekse og løysingane ikkje alltid enkle å få auge på.

Litteraturen beskriv i langt større grad omdømmebygging innanfor private verksemder, og ikkje i offentleg sektor. Men omdømmebygging innanfor offentleg sektor har i aukande grad blitt aktuelle sysler for mange, anten det gjeld ulike offentlege etatar, kommunar eller fylkeskommunar. For eksempel har Finnmark fylkeskommune sidan 2007 gjennomført ein eigen omdømmeundersøking (Markedsinfo 2007), og det offentleg finansierte Distriktssenteret har på oppdrag frå Kommunal- og regionaldepartementet drive ein eigen omdømmeskule, i tillegg til at omdømmeprosjekt som det såkalla *Bulystprogrammet* har blitt gjennomført (www.distriktssenteret.no). Og sidan 2004 har det blitt gjennomført omdømmeundersøkingar for offentlege etatar³, der eit lite utval av innbygarane her i landet – 1000 - årleg blir spurde om deira inntrykk av 81 offentlege etatar. Desse tek stilling til kor godt eller dårleg inntrykk dei har av ulike offentlege etar for fem nøkkelfaktorar. Desse er totalinntrykk, samfunnsansvar,

³ Gjennomført av Synovate

effektivitet og økonomisk styring, openheit og informasjon, i tillegg til kompetanse og fagkunnskap. I undersøkingane blir det gitt definisjon av desse faktorane, og faktorane er valde for å kunna samanliknast på tvers av mange typar etar. I og med at desse undersøkingane har blitt gjennomførte i fleire år har ein også fått ein tidsserie, som gjer det mulig å sjå endringar frå år til år.

Omdømme har nær tilknytning til kommunikasjon, og i omdømme-teorien blir det snakka om innretninga av organisasjonens kommunikasjon som vilkår for betring av omdømmet.

Omdømmebygging handlar slik sett om kommunikasjon og sjølvpresentasjon, eller djupast sett å forbetra produktet, det vil seie bli betre på det ein gjer og tilbyr sine kundar eller klientar. I dette biletet handlar omdømmebygging om å skapa positive oppfatningar om produktet ein tilbyr, der kommunikasjon og presentasjon av eigen identitet står i høgsetet.

I tradisjonelle omdømmeundersøkingar treng ein ingen forkunnskap for å svara. Det er respondentens inntrykk av bedrifta eller etaten som blir målt, ikkje kjennskapen eller brukarerfaringa. Det gjer det også mulig for slike undersøkingar å spørja eit tilfeldig utval av innbyggjarar om deira inntrykk, dei treng ikkje ha spesiell bakgrunnskunnskap om etaten det blir spurd om.

Denne omdømmeundersøkinga skil seg frå omdømmeundersøkingane beskrive ovanfor, både når det gjeld spørsmåla og når det gjeld utval av respondentar. Særleg er det utvalet for vår undersøking som utgjer den store skilnaden; medan ein i ”vanlege” omdømmeundersøkingar ikkje føreset at respondentane har kjennskap til eller brukarerfaring med etaten vedkommande skal ta stilling til, har ein stor del av våre respondentar omfattande kjennskap til etaten dei skal ta stilling til, i tillegg til å ha brukarerfaring. Det er såleis godt informerte respondentar vi har å gjera med, dei er utvalde nettopp fordi dei er forventa å ha denne kunnskapen. I praksis har då også respondentar som ikkje har kjennskap med eller erfaring med reindriftsforvaltninga, men som likevel fekk tilsendt spørjeundersøkinga, vald å ikkje delta i denne. For eksempel har kommunar innanfor reinbeitedistriktet, men der reindrift likevel ikkje føregår i dag, ikkje svart, med den grunngevinga at dei ikkje har kontakt med reindriftsforvaltninga, og difor meiner dei ikkje har noko å bidra med i undersøkinga. Likevel er det slik at det er ulik kunnskap om og kjennskap til den

offentlege forvaltninga av reindrifta blant informantane våre, alle veit ikkje like mykje og alle har ikkje omfattande erfaring med å samhandla med ulike deler av reindrifftsforvaltninga. Ut frå dette meiner vi det er vanskeleg å samanlikna denne undersøkinga med omdømmeundersøkingar som blir utført årleg for offentleg forvaltning.

1.2.1 Reindrifftsforvaltninga

Reindrift føregår i om lag 140 av kommunane her i landet, dei fleste av desse i Nord-Noreg. Om lag 40 prosent av landarealet i Noreg er omfatta av reindrifta. Ein slik intensiv arealbruk gjer at reindrifta må forhalda seg til mange andre brukarar, og at det lett kan komma til større eller mindre konflikhtar mellom reindrifta og andre brukarar som også har rettigheter på dei same areala.

Landbruks- og matdepartementet er det ansvarlege næringsdepartementet for reindriftpolitikken. Den offentlege forvaltninga skil seg elles ut i høve til forvaltninga av andre fagområde, med den sentrale reindrifftsforvaltninga lokalisert i Alta, og med landet inndelt i seks reinbeiteområde⁴.

Reindrifftsforvaltning har det samla ansvaret for reindrifta her i landet, og skal medverka til at måla i reindriftpolitikken blir nådde. I kvart av reinbeiteområda er det etablert lokale forvaltningskontor som er underlagt Reindrifftsforvaltninga i Alta. Lokalkontora er lokaliserte til Karasjok, Kautokeino, Bardufoss, Fauske, Snåsa og Røros. Dei fire ikkje-samiske tamreinlaga i Nord-Gudbrandsdal og Valdres sorterer under forvaltningskontoret på Røros.

Reindrifftsstyret er overordna myndighet for områdestyra og klageinstans for vedtak som er tekne i områdestyra.

Reindrifftsstyret er fagleg rådgjevar for forvaltninga av reindriftsnæringa og offentleg forvaltningsorgan som skal medverka til at styresmaktene når dei overordna måla for reindriftpolitikken, slik desse er fastsette av Stortinget.

Reindrifftslova utgjer det legale grunnlaget for Reindrifftsstyret.

⁴ Aust-Finnmark, Vest-Finnmark, Troms, Nordland, Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag/Hedmark. Retten til å drive reindrift innanfor desse områda er eksklusiv for den samiske befolkninga. Denne samiske særretten gjeld ikkje utanfor desse områda.

Kvart år rapporterer Reindriftsstyret til Landbruks- og matdepartementet. Reindriftsforvaltninga i Alta er sekretariat for Reindriftstyret. For kvart reinbeiteområde er det etablert eit områdestyre som er oppnemnt av dei respektive fylkestinga og Sametinget. Områdestyra er forvaltningsorgan, og skal vera faglege rådgjevarar og premissgjevarar ovanfor offentleg forvaltning og andre i saker som vedkjem reindriften i det aktuelle reinbeiteområdet, i tillegg til andre oppgåver tildelt av departementet. Slike oppgåver kan ha med arealbruk å gjera, for eksempel er områdestyra tildelt motsegnrett etter plan- og bygningslova.

1.3 Spørjeundersøking

For å gjennomføra ei omdømmeundersøking utarbeidde vi eit spørjeskjema som vart sendt til eit utval mottakarar. Desse mottakarane blei bedne om å svara på - respondert på skjemaet, og det er desse som utgjer *informantane eller respondentane* våre – dei som har gjeve oss informasjon gjennom å svara på skjemaet.

Oppdraget vårt var å finna ut kva slags omdømme reindriftsforvaltninga har blant dei som har eller kan tenkjast å ha å gjera med reindriftsforvaltninga. Desse er i første rekkje offentlege organ og institusjonar, som fylkesmenn, fylkeskommunar og kommunar, men det er og ulike frivillige organisasjonar som næringsorganisasjonar og interesseorganisasjonar som har interesser innanfor same område som reindriften og dermed reindriftsforvaltninga. Slike organisasjonar er for eksempel friluft-, miljøvern- og turistorganisasjonar. Innanfor reindriften sjølv sendte vi spørjeundersøkinga til blant anna reinbeitedistrikta.

Skjemaet omfatta om lag tjue spørsmål med nokre tilleggsspørsmål, inndelt i følgjande grupper: kontakt med og kjennskap til den offentlege forvaltninga av reindriften, den offentlege forvaltninga av reindriften og andre samfunnsinteresser, forvaltninga og reindriftsnæringa, forvaltninga som offentleg organ og forvaltninga og kommunikasjon med omverda. Spørjeskjemaet blei utarbeida av NIBR og diskutert med referansegruppa på to møte. I denne gruppa sat folk med bakgrunn frå ulike deler av offentleg forvaltning, og folk med inngåande kjennskap til reindriftsforvaltninga og næringa.

Spørjeundersøkinga vart laga som ei nettbasert spørjeundersøking. Det inneber at vi ikkje sendte undersøkinga i posten, men la den ut på Internett. Dei som var aktuelle mottakarar av undersøkinga vart informert om denne via e-brev, og bedne om å gå inn på nettsida via ei unik lenke som berre dei hadde tilgang til. Informantane blei første gongen informert om undersøkinga via e-brev den 7. april, og undersøkinga vart avslutta 3. mai, etter tre purringar. I ettertid kom det inn nokre få svar i tillegg

Spørjeundersøkinga blei sendt til følgjande:

- Norske Reindriftsamers Landsforbund
- Reinbeitedistrikta
- Fylkesmennene og fylkeskommunane i Finnmark, Troms, Nordland, Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag og Hedmark. Sametinget.
- Kommunane innanfor det samiske reinbeiteområdet, og kommunane i Nord-Gudbrandsdal og Valdres der tamreindrift blir utøvd. I praksis er dette alle kommunane i Finnmark og Troms, og alle i Nordland med unnatak av dei seks kommunane i Lofoten og fire øykommunar. I tillegg er 24 kommunar i Nord-Trøndelag, 12 i Sør-Trøndelag, fem i Hedmark, tre i Buskerud, tre i Møre og Romsdal og to i Sogn og Fjordane med i undersøkinga.
- Norges Bondelag, Finnmark Bondelag, Troms Bondelag, Nordland Bondelag, Nord-Trøndelag Bondelag, Sør-Trøndelag, Hedmark Bondelag, Norsk bonde- og Småbrukarlag, Finnmark Bonde- og Småbrukarlag, Troms Bonde- og Småbrukarlag, Nordland Bonde- og Småbrukarlag, Nord-Trøndelag Bonde- og Småbrukarlag, Sør-Trøndelag Bonde- og Småbrukarlag, og Hedmark Bonde- og Småbrukarlag.
- Frivillige organisasjonar med interesse for arealbruk og arealforvaltning, som lokale turistforeningar, jakt- og fiskeforeningar og miljøvernorganisasjonar. Undersøkinga blei også sendt til alle fjellstyra innanfor det aktuelle området.

Ei nettbasert spørjeundersøking slik vi gjennomførte er avhengig av at dei vi ber om å delta i undersøkinga har e-postadresse. For

kommunar, fylkeskommunar og andre offentlege institusjonar er dette uproblematisk, dei har eigne e-postadresser vi kan kontakta dei på. Problem kan først og fremst oppstå når det er snakk om kven innanfor kommunen eller institusjonen vi skal senda undersøkinga til, men dette problemet er ikkje annleis ved nettbasert undersøking enn med spørjeundersøking sendt ut ved hjelp av posten. Der det kan vera vanskar med å få tak i e-postadresser eller der vedkommande ikkje har tilgang til nettet er først og fremst hos organisasjonslivet, enten det gjeld næringsorganisasjonar eller frivillige organisasjonar. Vi opplevde ikkje dette som noko spesielt problem, sjølv om det var ein del ekstra arbeid med å få tak i e-postadresser, og sjølv om eit lite mindretal sa at dei ikkje hadde slik adresse.

I utgangspunktet omfatta undersøkinga 369, men det viste seg at av desse var 14 uaktuelle, slik at samla er 345 med i undersøkinga. Av dei 345 som er med har 264 svart på undersøkinga, det vil seia ein svarprosent 76%. Alle har likevel ikkje svart på alle spørsmåla i skjemaet, noko som ikkje skil seg spesielt frå undersøkingar som blir sendt ut i posten. Svarprosenten vurderer vi som svært god.

Kommunane utgjorde ei av dei absolutt største gruppene av informantar, sjølv om det viste seg at reindrift ikkje er aktuelt i alle kommunane som er inkludert i reinbeiteområdet i landet. Desse kommunane meldte tilbake til oss at spørjeundersøkinga var uaktuell for dei, i og med at dei ikkje hadde spesiell erfaring med å forholde seg til den offentlege forvaltninga av reindriften.

1.3.1 Kommenterarar til metodevalet

Datagrunnlaget til denne undersøkinga kviler på ei spørjeundersøking blei vald ut frå at vi vil ha tilbakemelding frå flest mulige av dei som på ein eller annan måte har å gjera med den offentlege forvaltninga av reindriften. Spørjeundersøking er eit høveleg val når vi vil ha svar frå mange. Samstundes er spørjeundersøking hefta med fleire avgrensingar, både i forhold til kva spørsmål og i forhold til sjølve svarsituasjonen. Spørjeundersøkingar sendt ut via posten eller nettbasert som denne, har den fordel vi raskt kan nå ei rekkje personar eller organisasjonar som er spreidd over eit stort område. Å fylla ut eit spørjeskjema kan i tillegg oppfattast som ein fordel når det gjeld å få data som er pålitelege og relevante for problemstillinga.

Respondenten kan kjenna seg friare og bli meir villig til å gje som svar om elles kunne vore uakseptable (Hellevik 1977), og feil som kan skuldast at intervjuaren påverkar den som skal svara blir unngått. Eit problem med spørjeundersøkingar er likevel at vi kan oppleve at mange ikkje svarar, det er friviljug å svara, og heller ikkje purringar og påminningar treng føra til at nokon blir overtalte til å svara. Mange respondentar kan også la vera å svara på alle spørsmåla, både fordi spørjeskjemaet kan vera langt og ta tid å svara på, eller fordi ein av ulike grunnar ikkje kan eller vil svara. Som vi var inne på ovanfor, er vi nøgde med svarprosenten, sjølv om ein del av dei som svarte ikkje fylte ut heile skjemaet.

Ei ulempe ved spørjeskjema er at det ikkje finst ein intervjuar som kan forklara spørsmål og sikra at desse blir oppfatta slik meininga var. Spørjeskjema kan slik gje rom for feiltolkingar som kunne vore unngått ved intervju. Så langt vi kunne prøvde vi å gje utfyllande opplysingar om det vi spurde om, for eksempel når vi spurde om "den offentlege forvaltninga av reindriften" så forklarte vi først kva vi meinte med det. Likevel må vi vera opne for at omgrepet "den offentlege forvaltninga av reindriften" ikkje alltid blir oppfatta slik vi presiserte dette i første spørsmålet i spørjeundersøkinga. Vi må gje rom for at det kan eksistera ulike oppfatningar om dette, og ha det i bakhovudet når vi tolkar funna frå undersøkinga.

Spørjeundersøkinga blei sendt til ulike institusjonar, organisasjonar og offentlege styresmakter, ikkje til personar. I følgjebrevet til undersøkinga bad vi om at svara blei gitt på vegne av institusjonen brevet var sendt til. Vi føreset at dette skjedde, men vi har likevel ikkje oversikt over at det var den rette avdelinga eller kontoret hos institusjonen som fekk ansvaret for å fylla ut skjemaet.


2 Kjennskap til og kontakt med den offentlege forvaltninga av reindrifta

Denne første delen av undersøkinga vart laga med tanke på å finna ut i kva grad og omfang informantane har kjennskap med og kontakt med den offentlege forvaltninga av reindrifta i Noreg.

2.1 Kontakt med den offentlege forvaltninga av reindrifta

Landbruks- og matdepartementet, reindrifststyret, områdestyra, reindrifstforvaltninga i Alta og de seks lokalkontora er på ulike måtar sentrale aktørar i styring og forvaltning av reindrifspolitikken i Noreg. Det første spørsmålet vi stilte i undersøkinga gjekk ut på å få vita korleis situasjonen er når det gjeld ulike aktørars kjennskap til styringsorgana for reindrifspolitikken i landet. Landbruks- og matdepartementet har her overordna ansvar, og vi spurte kor ofte dei ulike informantane har kontakt med dette departementet i saker som har med reindrifta å gjera.

Figur 2.1 *Hvor ofte har dere kontakt med Landbruks- og matdepartementet, reindriftsforvaltningen i Alta og lokalkontorene i saker som har med reindriften å gjøre?*
Prosent. N=240




Storparten av informantane svarar at det er sjeldan eller aldri dei har kontakt med Landbruks- og matdepartementet i saker som har med reindrift å gjera. Nesten ingen svarar ”svært ofte”, og av dei som har kryssa av på ”ofte” eller ”av og til” der det forholdsvis fleire frå Finnmark enn frå andre fylke, og det er forholdsvis fleire som representerer reinbeitedistrikt og kommunar enn som representerer andre organisasjonar eller for eksempel fylkeskommunar. Enda færre har svara at dei har kontakt med reindriftsforvaltninga i Alta. Langt fleire, nesten 28 prosent, har svara at dei har kontakt med eitt av dei seks lokalkontora.

Det er likevel andre deler av forvaltningsapparatet informantane har vore oftare i kontakt med enn departementet. Både hovudkontoret i Alta og særleg dei seks lokalkontora opplever langt oftare å bli kontakta når det gjeld reindriften enn kva departementet gjer. Men som figuren nedanfor så er det svært store variasjonar mellom dei ulike gruppene når det gjeld å ta eller ha kontakt med hovudkontoret i Alta; det er fleire av gruppene som ikkje har kontakt med dette kontoret, i den grad dei har kontakt med hovudkontoret er det av og til eller sjeldan og aldri.

Interesseorganisasjonar og forsvaret er begge av dei som sjeldan eller aldri har kontakt med hovudkontoret i Alta. Fylkeskommunane, næringsorganisasjonar og kommunar har også i liten grad kontakt med hovudkontoret i Alta, medan reinbeitedistrikta merkar seg ut her, ved at 23,7 prosent av desse svarar at dei har kontakt med Altakontoret svært ofte eller ofte.

Figur 2.2 *Målgruppene som svært ofte eller ofte har kontakt med hovudkontoret i Alta eller med lokalkontora. Prosent. N=345*



Av dei som har utdjupa kven dei har vore i kontakt med innanfor forvaltningssystemet så er det først og fremst lokalkontora desse trekkjer fram. Interesseorganisasjonane peikar seg ut ved dei svarar ”svært ofte” eller ”ofte” på spørsmålet om kontakt med hovudkontoret i Alta eller eit av dei fem lokalkontora. På den andre sidan peikar reinbeitedistrikta seg ut med å vera dei som oftast har kontakt med reindriftsadministrasjonen, eller meir spesifikt, med reindriftskontoret i Alta eller med lokalkontora. Både fylkeskommunane, kommunar og næringsorganisasjonar har

forholdsvis ofte kontakt med lokalkontora, men i svært liten grad med hovudkontoret i Alta. Samla har vel 28% av dei som har svart på undersøkinga vore i kontakt med eitt av lokalkontora. Langt færre svarar at dei har vore i kontakt med hovudkontoret i Alta – 17 % -, Landbruksdepartementet - 5% - eller med styringsorgana. Nokre få svarar fylkesmannens miljøavdeling.

2.2 Kjennskap til den offentlige forvaltninga av reindriffta

Den offentlege forvaltninga av reindriffta skil seg ut i høve til forvaltninga av andre fagområde. Den sentrale reindrifftsforvaltninga er lokalisert i Alta, og landet er inndelt i seks reinbeiteområde⁵. Reindrifftsforvaltning har det samla ansvaret for reindriffta her i landet, og skal medverka til at måla i reindriftpolitikken blir nådde. I kvart av reinbeiteområda er det etablert lokale forvaltningskontor som er underlagt Reindrifftsforvaltninga i Alta. Lokalkontora er lokaliserte til Karasjok, Kautokeino, Bardufoss, Fauske, Snåsa og Røros. Dei fire ikkje-samiske tamreinlaga i Nord-Gudbrandsdal og Valdres sorterer under forvaltningskontoret på Røros.

For kvart reinbeiteområde er det etablert eit områdeestyre som er oppnemnd av dei respektive fylkestinga og Sametinget. Områdestyra er forvaltningsorgan, og skal vera faglege rådgjevarar og premissgjevarar ovanfor offentleg forvaltning og andre i saker som vedkjem reindriffta i det aktuelle reinbeiteområdet, i tillegg til andre oppgåver tildelt av departementet. Slike oppgåver kan ha med arealbruk å gjera, for eksempel er områdestyra tildelt motsegnrett etter plan- og bygningslova.

Reindrifftsstyret er overordna myndighet for områdestyra og klageinstans for vedtak som er tekne i områdestyra. Reindrifftsstyret er fagleg rådgjevar for forvaltninga av reindriffts næringa og offentleg forvaltningsorgan som skal

⁵ Aust-Finnmark, Vest-Finnmark, Troms, Nordland, Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag/Hedmark. Retten til å drive reindrifft innanfor desse områda er eksklusiv for den samiske befolkninga. Denne samiske særretten gjeld ikkje utanfor desse områda.


medverka til at styresmaktene når dei overordna måla for reindriftspolitikken, slik desse er fastsette av Stortinget.

Saman med Landbruks- og matdepartementet som har overordna ansvar for reindriftspolitikken, utgjer organa nemnde ovanfor vesentlege deler av den offentlege forvaltninga av reindriften i Noreg. Spørsmålet vi stilte informantane våre er korleis dei opplever denne særreignen oppbygginga, og dette gjorde vi gjennom å be dei som skulle svara om å ta stilling til fem påstandar vi sette fram.

Dei fem påstandane er som følger::

1. Det er lett å få oversikt over den offentlige forvaltningen av reindriften
2. Det er lett å blande sammen politiske og administrative organer
3. Det er vanskelig å forstå forskjellen på ansvarsområdene til reindriftsstyret og områdestyrene
4. Det er vanskelig å vite om det er kontorene eller styrene som uttaler seg
5. Det er vanskelig å skille den offentlige forvaltningen av reindriften fra reindriftsnæringen

Nedanfor ser vi kva oppslutnad påstandane fekk.


Figur 2.3 *Hvor enig er du i følgende påstander? Prosent. N=231*

Det vi ser er at det er stor oppslutnad om alle påstandane utanom den første, her har fleirtalet av dei som har svart vore usamde med påstanden, noko som inneber at berre ein fjerdedel (24,7%) av dei som svarte var heilt eller delvis samde med denne påstanden. Over 40 prosent (41,1) var usamde. Oppslutnaden om dei andre fire påstandane var som følgjer: 46,6%, 54,5%, 41,1% og 43,3% var samde med påstandane. Alle desse fire påstandane påpeika vanskeleg punkt som gjeld organiseringa av denne forvaltninga og korleis dette kan opplevast av dei som har eller kan tenkjast å ha med forvaltninga å gjera.

Det vi kan oppsummera med så langt er at den offentlege forvaltninga av reindriften blir oppfatta som ei forvaltning få av respondentane meiner det er lett å få oversikt over. Tvert i mot er reindriftsforvaltninga ei forvaltning som på mange måtar er vanskeleg å få oversikt over, og ikkje minst gjeld dette det å forstå forskjellen på ansvarsområda til reindriftsstyret og områdestyrene. Men også når det gjeld forskjellen mellom politiske og administrative organ, om det er kontora eller styrene som uttaler seg eller om det er snakk om reindriftsforvaltninga eller reindriftnæringa, så viser resultatane våre at godt og vel fire av ti opplever problem med å

sjå desse forskjellane. Biletet vi får av reindriftsforvaltninga gjennom svara her er med andre ord eit bilete av ei forvaltning det er vanskeleg å få greie på, i meininga kor grensene mellom styrande organ og administrasjon går, i tillegg til at det er vanskeleg å skilja mellom forvaltning og næring.

Figur 2.4 *Ulike informantgruppers vurdering av om reindriftsforvaltninga blir oppfatta. Prosent. N=231.*



Om vi ser på svara ut frå kven som har svart kva så viser det seg at det er reinbeitedistrikta og offentlege organ og etatar som i størst grad er samde i påstand 1, medan for interesseorganisasjonar og næringsorganisasjonar er situasjonen omvent; der er eit stort fleirtal usamde med påstanden om at det er lett å få oversikt over den offentlege forvaltninga av reindriften. Eit slikt resultat er det rimeleg å forventa; reinbeitedistrikta har nær kontakt med reindriftsforvaltninga og vi kan forventa at dei har oversikt over forvaltninga. Likevel meiner knapt fire av ti at det er lett å få oversikt over forvaltninga. Offentlege organ og etatar – som kommunar, fylkeskommunar og fylkesmenn, kan vi og forventa å ha oversikt over reindriftsforvaltninga. Her er det likevel i

underkant av tre av ti som meiner at det er lett å få oversikt over reindriftsforvaltninga. Truleg kan dette forklarast at utvalet omfattar mange kommunar, og at få av desse har nemnande kontakt med reindriftsforvaltninga, og såleis heller ikkje særleg oversyn over korleis den er oppbygd. Det vi ser er med andre ord at få meiner reindriftsforvaltninga er lett å få oversyn over, og at dette også gjeld dei som står denne forvaltninga nær, det vil seia dei som driv innanfor reindriftnæringa.

Men det er også lett å blanda saman politiske og administrative organ som styrer med reindriften (påstand 2), alle kategoriar meiner det, og særleg næringsorganisasjonar, interesseorganisasjonar og reinbeitedistrikta. Men også offentlege organ og etatar er samde i denne påstanden, sjølv om dei har lågast skår her så er det likevel over 40 prosent som er samde med påstanden.

Storparten av informantane meiner også det er vanskeleg å forstå forskjellen på ansvarsområdet til reindriftsstyret og områdestyra. Her er det berre reinbeitedistrikta som peikar seg ut med at fleirtalet av desse ikkje er samde med påstanden, det vil seia at dei ikkje meiner det er vanskeleg å forstå forskjellen på ansvarsområda mellom desse styra. Alle andre opplever dette som vanskeleg, og særleg meiner næringsorganisasjonane og interesseorganisasjonane dette.


Også for den neste påstanden (4) – at det er vanskeleg å vita om det er kontora eller styra, dvs administrativt eller politisk nivå, som uttalar seg finn vi omtrent same mønster. Her og har reinbeitedistrikta eit fleirtal som er usamde med denne påstanden, men svara frå reinbeitedistrikta skil seg ikkje nemnande ut frå dei andre. Det som er slåande med svara på denne påstanden er at alle gruppene har om lag same mening – mellom 38,5 prosent og 42,4 prosent er samde i at det er vanskeleg å vita om det er kontora eller styra som uttalar seg .

Den siste påstanden i denne gruppa (5) seier at det er vanskeleg å skilja den offentlege forvaltninga av reindriften frå reindriftnæringa. Her er det næringsorganisasjonane som er minst enige med påstanden, medan for både interesseorganisasjonane og dei offentlege organa og etatane så meiner over 40 prosent at dette er tilfelle.

2.2.1 Kontakt med styringsorgana

Reindrifststyret og områdestyra utgjer styringsorgana innanfor reindrifstforvaltninga. Det er eitt reindrifststyre og seks områdestyre. Reindrifststyret er styre for heile reindrifstområdet i Noreg, medan områdestyra styrer kvart sitt område. Desse områda følger berre delvis fylkesgrensene, og kan også omfatta område i to fylke. Områdestyra er for Øst-Finnmark, for Vest-Finnmark, for Troms, for Nordland, for Nord-Trøndelag og for Sør-Trøndelag og Hedmark. Vi spurte om kor ofte informantane våre var i kontakt med desse styringsorgana.

Figur 2.5 *Hvor ofte har dere kontakt med styringsorganene? Prosent.*
N=219




Det vi ser er at informantane våre er i større grad i kontakt med reindrifststyret enn med områdestyra. Om lag ein tredjedel av dei som har svara seier at dei ofte har kontakt med reindrifststyret, mellom ti og tjue prosent seier det same om eitt av områdestyra.

Om vi ser på kva slags grupper som har oftast kontakt med ein eller fleire av delane av reindriftsforvaltninga, så er det reinbeitedistrikta som peikar seg ut, med å ha langt meir kontakt med reindriftsforvaltninga enn både offentlege organ som fylkeskommunar og kommunar, eller ulike organisasjonar har.

2.2.2 Karakterisering av kjennskapen til den offentlege forvaltninga av reindriften

Eit av spørsmåla i undersøkinga sikta mot å finna ut i kva grad omgjevnaden til reindriftsforvaltninga kjenner til denne delen av den offentlege forvaltninga.

Figur 2.6 *Hvordan vil dere karakterisere deres kjennskap til den offentlige forvaltningen av reindriften? Prosent. N= 238*



Det er til dels få som svarar at dei har svært god eller god kjennskap til dei ulike delane av den offentlege reindriftsforvaltninga. Ikkje i nokon tilfelle seier så mange som halvparten av dei som har svara dette, og jamt over er det to til tre av ti som svarar at dei kjenner svært godt eller godt til den offentlege reindriftsforvaltninga. Her må det og leggjast til at storparten av samlegruppa ”svært godt/godt” svarte ”godt”.


Informantane har best kjennskap til lokalkontora (35%) og LMD (22%), og kjenner dårlegare til hovudkontoret i Alta (15%). Når det gjeld styringsorgana viser det seg at områdestyra er langt betre kjent blant informantane våre enn kva reindrifststyret er 27% mot 13%. Svært mange i ”veit ikkje”-gruppa.

Også her er biletet at veit ikkje-gruppa er størst. For alle organa vi spør om gjeld det at storparten av dei som har svara svarar ”veit ikkje”, og for to av dei – hovudkontoret i Alta og reindrifststyret så gjeld dette for over halvparten av dei som har svara. Dette kan lesast slik at reindrifstforvaltningas hovudkontor i Alta og reindrifststyret – som er to av dei øvste administrative og politiske organa – er lite kjent blant dei som har svara på spørsmåla våre. Det øvste organet – Landbruks- og matdepartementet er litt mindre ukjent.

Det organet som er best kjent blant informantane våre er likevel lokalkontora, og også områdestyra er meir kjente enn reindrifststyret. I underkant av tredjeparten av utvalet vårt seier dei kjenner svært godt eller godt til lokalkontora, noko færre seier dette om områdestyra (19%). Om vi ser på kven som har best kjennskap til den offentlege forvaltninga av reindrifst, så er det utan tvil reinbeitedistrikta. Og dei organa som er best kjende blant reinbeitedistrikta er lokalkontora og områdestyra. Utan at vi har spurt om grunnen til dette er det nærliggande å tru at det er desse organa reinbeitedistrikta har mest bruk for å kontakta i samband med yrkesutøvinga si, og at det er med på å forklara kjennskapen til desse.

Vi spurde også om kva inntrykk informantane har av dei ulike organa innanfor den offentlege forvaltninga av reindrifst. Svara er presenterte i figuren nedanfor.

Figur 2.7 *Hvordan er deres samlede inntrykk av arbeidet til følgende organer når det gjelder den offentlige forvaltningen av reindriften? Prosent. N=231*




Lokalkontora er dei som får best omtale av den samla offentlege reindrifstforvaltning, deretter kjem områdestyra. Tredjeparten av dei som har svara seier at dei har eit svært godt eller godt inntrykk av lokalkontora, og i underkant av tjue prosent seier det same om områdestyra. Det som likevel er mest slående med svara på dette spørsmålet er at så mange hamnar i ”veit ikkje”-gruppa. Det kan tyda på at informantane ikkje har nok kunnskap om reindrifstforvaltninga til å kunna gje oss dei vurderingane vi er ute etter her.

Om vi ser på korleis dei ulike informantgruppene vurderer den offentlege reindrifstforvaltninga, så peikar reinbeitedistrikta seg ut også her, ved å gje langt betre skussmål til reindrifstforvaltninga enn dei andre gruppene. Særleg gjeld dette vurderinga av lokalkontora og områdestyra – som samla er dei som får best kritikk, der mellom 60 og 70 prosent (61,5% for lokalkontora, 69,2% for områdestyra) meiner desse gjer ein god eller svært god


jobb. Ingen av dei andre gruppene er i nærheten av å gje så god tilbakemelding på arbeidet til desse to organa.

Figur 2.8 *Samlet inntrykk (svært godt eller godt) av lokalkontorene og områdestyrene etter organisasjonstilknytting. Prosent. N=231*



Av tabellen nedanfor ser vi at det også er regionale forskjellar når det gjeld det samla inntrykket respondentane har av lokalkontora og områdestyra. Kva som kan forklara dette kan vi ikkje seia noko om her, det spurde vi ikkje om. Vi kan berre registrera at lokalkontora og områdestyra i dei ulike regionane for til dels svært ulik vurdering.


Figur 2.9 *Vurdering (svært god eller god) av lokalkontora og områdestyra etter region. N=231*



Det vi ser er at respondentane i Trøndelagsfylka og i Finnmark er dei som i størst grad vurderer lokalkontora sitt arbeid som svært godt eller godt. Men også respondentane frå Nordland og Troms ligg nær opp til denne vurderinga. Likevel er det berre rundt ein tredjepart av respondentane frå Trøndelagsfylka og Nord-Noreg som gjev toppvurdering av lokalkontora. Godt under tjue prosent av respondentane frå dei sørnorske reindriftsfylka gjev toppvurdering til lokalkontora. Dei sørnorske fylka har svært mange "veit ikkje"-svar på dette spørsmålet, langt fleire enn kva dei nordnorske fylka har.. Vel 61 prosent av respondentane frå dei sørnorske fylka har svara "veit ikkje" på dette spørsmålet, tilsvarende tal for Finnmark er for eksempel 9,1 prosent. For Trøndelagsfylka er veit-ikkje-talet 29,3 og for Nordland og Troms 27,1.

Vi spurde også om kven det var som tok kontakt med kven når det var kontakt og samhandling mellom forvaltningsorgana for reindriffta og omgjevnaden, anten det gjeld andre offentlege organ eller private organisasjonar og samanslutningar. Svara viser vi nedanfor:

Figur 2.10 Ved kontakt med den offentlige forvaltningen av reindriften (kontorene eller styrene), hvem er det vanligvis som tar kontakt? Prosent. N=221



Ved kontakt mellom reindrifftsforvaltninga og andre er det oftast dei andre som tek kontakt slik våre informantar ser det. Dette gjeld for alle informantgruppene i utvalet. I svært få tilfelle er det den offentlege forvaltninga av reindriffta som først tek kontakt, medan godt over femteparten av dei som har svara seier at begge parter like ofte tek kontakt. Nærare halvparten av dei som har svara på skjemaet oppgjev når sist kontakt med den offentlege forvaltninga av reindriffta var. For eit stort fleirtal av desse føregjekk denne kontakten inneverande år. Berre nokre få av dei som svarte på dette seier at det er mange år sidan eller lenge sidan dei hadde kontakt med reindrifftsforvaltninga.

På spørsmålet om kva deler av forvaltninga informantane hadde kontakt svarar storparten at dei var i kontakt med eitt av lokal-kontora. Langt færre svarar hovudkontoret i Alta eller eitt av styringsorgana – reindrifftsstyret eller eit av områdestyra. Areal-saker, kommuneplanar, reguleringsplanar og forvaltningsplanar er alle eksempel på saker som ofte blir nemnde som det som førte til kontakt med reindrifftsforvaltninga. Nydyrking, gjerdesaker, beitesaker – her også beitekonfliktar – er andre saker som blir nemnde. Hundeløp, hyttebygging, informasjonsmøte og dialogkonferanse er andre tiltak som og blir nemnde. Det same

gjer slaktesituasjonen, tamrein inn i villreinområdet, rovviltforvaltning, salting av vegar og reindriftsmeldinga. Det er med andre ord eit stort utval saker som har vore gjenstand for kontakt mellom reindriftsforvaltninga og ulike deler av omverda deira, som for ulike saker og i ulik grad har vore i kontakt med forvaltninga.

2.3 Oppsummering

Det er lokalkontora og til ein viss grad hovudkontoret i Alta at respondentane har mest kontakt med når det gjeld reindriftsforvaltninga. Få har kontakt med departementet (LMD). Og det er reinbeitedistrikta som har mest kontakt med forvaltningsapparatet.

Då spørsmåla til spørjeundersøkinga vart laga var ei av hypotesane at det er vanskeleg å få oversikt over reindriftsforvaltninga, vi trudde omgjevnadane opplever det som problematisk å skilja dei ulike delene av forvaltninga frå kvarandre. Undersøkinga viste at dette er tilfelle, hovudintrykket når det gjeld kjennskap til forvaltninga er at det er vanskeleg å forstå korleis ansvarsområda er delte, særleg gjeld det kva funksjonar reindriftsstyret og områdestyra har, men det gjeld og oppgåvefordeling mellom administrative og politiske organ, i tillegg til at mange meiner det er vanskeleg å skilja mellom forvaltning og næring, eller mellom kontora og styra. Dette gjeld også dei som har mest kontakt med reindriftsforvaltninga; reinbeitedistrikta. Det er eit lite fåtal som seier dei har ofte kontakt med styringsorgana, og det organet som blir nemnt oftast er områdestyra. Tilsvarende er det lokalkontora som respondentane i størst grad har kontakt med. Lokalkontora er vidare det organet som får best skussmål, tredjeparten av dei som svarte har eit godt inntrykk av lokalkontora. Ingen av dei andre organa var i nærleiken av å få ein slik omtale.

3 Reindrifftsforvaltninga i eit samfunnsperspektiv

Reindrift er ei næring som berører store arealområde, og slik sett store deler av landarealet i Noreg. Det betyr igjen at reindriffts-politikken og forvaltninga av næringa blir av betydning for eit like stort område av landet, og det er slik mange fylke og kommunar som på eit eller fleire tidspunkt kjem i kontakt med den offentlege forvaltninga av reindriffta. Kommunar der reindrift blir utøvd enten det er på heilårsbasis eller at areala blir brukte som for eksempel sommar- eller vinterbeite, vil måtta forholde seg til reindrifftsforvaltninga om aktuelle spørsmål som kan for eksempel gjelda arealbruk. Reinbeitedistriktet strekkjer seg over ein stor del av Noreg, først og fremst dei tre nordlegaste fylka i landet, men omfattar også deler av fylka sør for Trøndelag. I alt er deler av ni fylke i landet med i reinbeitedistriktet, men for nokre av desse utgjer reinbeiteområda heller små deler av fjellområdet. Det er likevel mange norske kommunar som er med i reinbeitedistriktet, og slik har kjennskap med reindrifftsforvaltninga og erfaring med denne.

Den offentlege forvaltninga av reindriffta blir stilt ovanfor mange og ulike interesser i samfunnet når dei skal ta stilling til ulike spørsmål som er viktige for reindriffta og utøvinga av denne. Vi spurte informantane våre om korleis forvaltninga løyste denne utfordringa, og spørsmålet blei stilt som følgjer:


Reindrift regnes som en viktig samisk næring, også for språk og kultur. Selv om relativt få samer driver innenfor denne næringen utøves reindrift i om lag 40% av Norges landareal, og næringen har betydning langt utenfor egen rekke.

Nedenfor ber vi dere ta stilling til hvordan dere oppfatter at den offentlige forvaltningen av reindriften utøver sitt ansvar for næringen og samtidig for samfunnsutviklingen ellers, og hvordan avveininger mellom reindriftsinteresser og andre interesser blir gjort. Med 'forvaltning' mener vi her både styringsorganer og administrasjon.

Informantane blei her bedne om å ta stilling til seks ulike påstandar, og kunne komma med kommentarar i tillegg. Påstandane var:

1. Den offentlige forvaltningen av reindriften får fram viktigheten av reindriftnæringen
2. Den offentlige forvaltningen av reindriften er nokså anonym
3. Den offentlige forvaltningen av reindriften tar rimelige hensyn til andre næringers behov
4. Den offentlige forvaltningen av reindriften viser at næringen har en rettmessig plass i samfunnet
5. Den offentlige forvaltningen av reindriften synliggjør næringen som viktig for samisk kultur
6. Den offentlige forvaltningen av reindriften viser at næringen har en spesiell rettsstilling i vårt samfunn

Figur 3.1 viser korleis svara fordelte seg.


Figur 3.1 *Hvor enige er dere i følgende påstander? Prosent. N=216*

Størst oppslutnad for dei to påstandande om at reindriftsforvaltninga synleggjer at næringa har ein spesiell rettsstilling i samfunnet, og er viktig for samisk kultur. Godt over halvparten av dei som har svara er enige med påstanden, vel 64% for den førstnemnde påstanden og nærare 58% for den sistnemnde. Også to av dei andre påstandane får stor oppslutnad, - om lag midt på førtitalet. Dette gjeld påstanden om at forvaltninga er nokså anonym og at forvaltninga viser at næringa har ein rettmessig plass i samfunnet. Vel tredjeparten er samde med at forvaltninga får fram at næringa er viktig, medan berre vel femteparten meiner at forvaltninga tek rimeleg omsyn til andre næringsars behov.

Vi hadde også eit oppfølgingsspørsmål her, der vi spurde om ”Bidrar den offentlige forvaltningen av reindriften på en god måte med tanke på å få omverden til å forstå at næringen er viktig for samisk kultur, og har en spesiell rettsstilling i vårt samfunn?”. Her var det to ja-alternativ (Ja, absolutt og Ja, men det kunne vært bedre) og to nei-alternativ (Nei, ikke spesielt godt, Nei, absolutt

ikke) i tillegg til ”Vet ikke”. Her er svara 109 på ja-alternativa, 67 på nei-alternativa og 40 ”vet ikke”.

Figur 3.2 *Oversikt over dei som har svara ”Ja, absolutt” og ”Ja, men det kunne vært betre” på spørsmålet om den offentlege forvaltninga av reindriftna bidreg på ein god måte med tanke på å få omverda til å forstå at næringa er viktig for samisk kultur, og har ein spesiell rettstilling i samfunnet vårt. Prosent. N=216.*




Det vi ser her er ein varierende oppslutnad om i kva grad reindriftnas forvaltninga gjer ein god jobb med tanke på å få omverda til å forstå at reindriftnæringa er viktig for samisk kultur, og har ein spesiell rettsstilling i samfunnet vårt. Oppslutnaden om dette er stor frå dei som er i næringa sjølve, reinbeitedistrikta, der godt og vel to tredjedeler er einige med påstanden. Men frå dei andre gruppene utvalet vårt er svara annleis, el halvparten av dei offentlege organa og etatane meiner det same. Derimot er det mindre enn under halvparten av alle organisasjonane i utvalet som meiner det same.

3.1 Den offentlege forvaltninga av reindrifta og andre samfunnsinteresser

Den offentlege forvaltninga av reindrifta må i si utøving av arbeidet forholde seg ikkje berre til reindriftnæringa, men også til andre samfunnsinteresser innanfor ulike felt. Vi spurte om korleis informantane oppfattar av reindriftsforvaltninga handterer dette. Spørsmålet vi stilte var slik: *Tar den offentlige forvaltningen av reindriften hensyn til andre samfunnsinteresser når det gjelder arealforvaltning, andres bruk av reinbeiteområdet og andres ønske om vern av arealer.*

– Nedanfor viser vi korleis svara vi fekk fordeler seg:

Figur 3.3 *Reindriftsforvaltning og andre samfunnsinteresser. Prosent.*
N=214




Vi får eit todelt inntrykk av desse svara, der om lag 40% meiner at reindriftsforvaltninga tek omsyn til andre samfunnsinteresser både når det gjeld arealforvaltning og andres ønskje om vern av areal, men også når det gjeld andres bruk av reinbeiteområdet. Mennesten like mange – vel 37% - meiner at reindriftsforvaltninga

i svært liten grad eller ikkje tek omsyn til andre samfunnsinteresser når det gjeld arealforvaltning eller andres bruk av reinbeiteområdet. Berre når det gjeld andres ønskje om vern av areala er det langt færre som meiner reindriftsforvaltninga ikkje tek omsyn til dette enn som tek omsyn til det.

Figuren nedanfor viser korleis ulike deler av dei som forhold seg til den offentlege reindriftsforvaltninga; andre offentlege aktørar – som fylkesmannsembetet, fylkeskommunar, kommunar og andre, organisasjonar og reinbeitedistrikta meiner om korleis reindriftsforvaltninga løyser saker som har med areal og arealforvaltning å gjera.

Figur 3.4 *Ulike gruppers vurdering av korleis den offentlege reindriftsforvaltninga tek omsyn til andre interesser når det gjeld arealspørsmål. Prosent. N= 214.*




Figuren ovanfor viser eit vesentleg skilje mellom kva reinbeitedistrikta meiner på den eine sida om spørsmåla som vart stilte ovanfor, og kva dei andre informantgruppene meiner om dei same spørsmåla. Rett nok er det skilje mellom dei tre andre gruppene også, men i forhold til resultatane frå reinbeitedistrikta er desse skilnadane små. Medan meir enn ni av ti reinbeitedistrikt meiner at reindriftsforvaltninga tek omsyn til andre samfunnsinteresser når det gjeld plansaker eller andres bruk av

reinbeiteområda – allmennheten eller næringsinteresser -, så er det godt under fire av ti av offentlege organisasjonar eller etar som seier dette. Og for både interesseorganisasjonar og næringsorganisasjonar så er tala enda lågare.

Vi har også sett på korleis den regionale fordelinga av svara på om den offentlege forvaltninga av reindrifta tek omsyn til andre samfunnsinteresser når det gjeld arealforvaltning, andres bruk av reinbeiteområda og andres ønskje om vern av areal. Resultata viser vi nedanfor.

Figur 3.5 *Regional fordeling av svara Ja, absolutt og Ja, i noen grad på spørsmålet om reindriftsforvaltningen tek hensyn til andre samfunnsinteresser når det gjelder arealforvaltning, andres bruk av reinbeiteområdet og andres ønske om vern av arealer. Prosent. N=214*



Tabellen ovanfor tolkar vi i to steg: først resultatata frå reindriftsfylka i sør. Her er situasjonen den at i underkant av halvparten av respondentane – 44,4 prosent – svara ”vet ikke”, og dei som hadde ei formeining om korleis reindriftsforvaltninga tek omsyn til andre samfunnsinteresser meinte i stor grad at det gjer

forvaltninga på ein god måte. For fylka frå og med Sør-Trøndelag og nordover er resultatane noko anna. Her er det ikkje-prosenten låg, og aller lågast i Finnmark (3 prosent), respondentane har med andre ord ei meining om korleis reindriftsforvaltninga forhold seg til andre samfunnsinteresser. Med eitt unntak (Andres ønske om vern av areal – der Troms og Finnmark skårar lågare) så svarar færre respondentane frå Finnmark Ja, absolutt/Ja, i noen grad på spørsmålet om reindriftsforvaltninga tek omsyn til andre samfunnsinteresser. Forskjellane er til dels små, men vi får eit inntrykk av at respondentane i Finnmark ikkje i same grad som dei andre opplever reindriftsforvaltninga som ei forvaltning som i vesentleg grad tek omsyn til andre samfunnsinteresser.

Reindriftsforvaltninga må avvega egne interesser i forhold til andre, og omverda synest å vera delt i synet på om forvaltninga klarar dette. I samband med dette spørsmålet spurte vi også om det er samfunnsområde utanom dei som er nemnde ovanfor der omverda opplever det som vanskeleg å komma i dialog med reindriftsforvaltninga. Her er det svært få som har utdjupa svara sine, men ei handfull informantar nemner saker som gjer det vanskeleg med dialog mellom reindriftsforvaltninga og andre. I første rekkje er dette saker som gjeld rovdyrproblematikken og rovdyrtrykket, men også andre forholdet til andre utmarksnæringer og andre næringsinteresser, beitestridar, gjerdehald og problematikken rundt beiterettar kan i blant vera problematisk. Det same er saue-næringa, hyttebygging, sommarbuplassar og trafikksikkerhetsspørsmål. Verneområde blir også nemnd som eit område det er svært vanskeleg å komma i dialog om.

3.1.1 Forvaltningas handtering av konflikter i forhold til andre samfunnsinteresser


I spørjeundersøkinga tok vi også opp spørsmål om konflikt i forhold til andre interesser i samfunnet. Spørsmålet formulerte vi slik: *Næringsutøvelse og forvaltningen av dette kan i blant komme i konflikt med andre samfunnsinteresser. Hvordan opplever dere at den offentlige forvaltningen av reindriften håndterer slike situasjoner?*

Her hadde vi formulert ei rekkje påstandar som vi bad informantane ta stilling til:

1. Den offentlige forvaltningen av reindriften finner gode løsninger i forhandlinger sammen med andre aktører/institusjoner
2. Det er greit å komme i dialog med den offentlige forvaltningen av reindriften
3. Den offentlige forvaltningen av reindriften møter ofte med fastlåste meninger
4. Den offentlige forvaltningen av reindriften har vanskelig for å se at andre samfunns- og næringsinteresser også har legitime behov
5. Det var lettere å komme fram til kompromisser med den offentlige forvaltningen av reindriften for fem år siden

Figuren nedanfor viser korleis informantane våre vurderte påstandane.

Figur 3.6 *Vurdering av forvaltningas handtering av konflikten med andre samfunnsinteresser. Prosent. N= 213*




Ingen av påstandane får svært stor oppslutning, og særleg er det få som er uenige i påstandane. Her må det dessutan leggjast til at respondentane kunne svara på alle påstandane. Det er likevel tre av påstandane som peikar seg ut ved at godt over 40% av dei som har svara er enige med påstandane. Dette er ein positiv påstand (Greitt å komme i dialog med reidriftsforvaltningen) og to negative (Møter ofte med fastlåste meninger, Har vanskeleg for å se andres behov). Reinbeitedistrikta (30,6%) og kommunane (21,3%) er dei som sterkast støttar påstanden om at reindrifftsforvaltninga er gode til å finna løysingar saman med andre. Det same gjeld påstanden om at det er greitt å komma i dialog med reindrifftsforvaltninga, også her er det reinbeitedistrikta (41,7%) og kommunane (39,4%) som i størst grad er enige med påstanden. Når det gjeld påstanden om at reindrifftsforvaltninga ofte møter med fastlåste meiningar så er det liten forskjell mellom dei ulike kategoriane informantar, med unntak av ei gruppe; interesseorganisasjonane. Dei er minst enige i at reindrifftsforvaltninga møter andre med fastlåste meiningar.

Påstanden om at reindrifftsforvaltninga har vanskeleg for å sjå at andre samfunns- og næringsinteresser også har legitime behov får mest støtte frå næringsorganisasjonar (41,5%) , og absolutt minst støtte frå reinbeitedistrikta (5,6%). Når det gjeld påstanden om at det var lettare å komma fram til kompromiss med den offentlege forvaltninga av reindriffta før enn i dag, så er det ingen av gruppene som gjev sterk støtte til denne utsegna.

Også for desse påstandane har vi sett på korleis svara fordeler seg regionalt, sjå nedanfor.

Figur 3.7 *Regional fordeling av svarene helt enig/ noe enig for fem ulike påstander om reindriftsforvaltningen og andre samfunnsinteresser. Prosent. N=213*



Igjen er det mange – 50 prosent – av respondentane i reindriftsfylka i Sør-Noreg som svarar ”vet ikkje” og som altså ikkje har ei meining om påstandane ovanfor. Slik er det ikkje for resten av området, og lågast ”vet ikkje”-prosent er det i Finnmark, med 7,7. Det vi ser elles er at fleire av respondentane frå Finnmark enn frå dei andre fylka meiner reindriftsforvaltninga er gode til å finna gode løysingar saman med andre, og at det er greitt å komma i dialog med reindriftsforvaltninga, her er det til dels betydelege forskjellar mellom svara frå Finnmark og svara elles. Vi kan vel her seia at respondentane frå Finnmark har ei meir positiv oppfatning av reindriftsforvaltninga sitt forhold til andre interesser. Men samstundes ser vi også at det er prosentvis fleire frå Finnmark enn elles som meiner at reindriftsforvaltninga ofte møter andre med fastlåste meninger. Det er langt færre i Finnmark enn i Nord-Noreg elles og i Trøndelagsfylka som meiner at reindriftsforvaltninga har vanskar med å sjå andre sine behov. At det var lettare å komma fram til kompromiss med reindriftsforvaltninga før er det få som meiner.

3.1.2 Behov for endring innanfor forvaltninga?

Vi spurte også om informantane ser behov for endringar innanfor den offentlege forvaltninga av reindrifta, og om dette vil gjera at forvaltninga vil fungera betre enn i dag. Informantane kunne velja tre av utsegnene nedanfor:

1. Nei, den offentlige forvaltningen av reindriften fungerer bra slik den er i dag
2. Nei, ikke behov for vesentlige endringer, men den offentlige forvaltningen av reindriften bør tilføres mer ressurser
3. Ja, områdestyrene bør styrkes
4. Ja, Sametinget bør ha det overordnede ansvaret for reindriftspolitikken
5. Ja, andre behov for endringer (spesifiser under)

Få av påstandane ovanfor har fått stor tilslutnad. Verken påstanden som meiner at forvaltninga fungerer bra i dag, eller påstanden om at det ikkje er behov for endringar, men meir ressursar får meir oppslutnad enn frå høvesvis 29,6 og 22,5 prosent. Det tilseier at få meiner forvaltninga fungerer bra slik den er i dag, og enda færre meiner det er behov for vesentlige endringar utanom meir ressursar. Andre deler av forvaltning, som kommunar og fylkeskommunar, er langt meir positive til reindriftsforvaltninga og korleis denne fungerer i dag, enn kva reinbeitedistrikta er. Medan vel 37 prosent av offentlege organ og etatar meiner at reindriftsforvaltning fungerer bra i dag, så er berre 16,7 prosent av reinbeitedistrikta samde i påstanden. Tilsvarende viser seg også for påstand 2 her, der 23,2 prosent av offentlege organ og etar meiner at det ikkje er behov for vesentlege endringar, utanom at reindriftsforvaltning bør tilførast meir ressursar, og 54,2 prosent av reinbeitedistrikta meiner det same. Dei som er i næringa er meir kritiske til korleis forvaltninga fungerer i dag, og meiner i større grad enn andre at det er behov for meir ressursar i forvaltninga.

Den påstanden som fekk størst oppslutnad her var likevel påstand 5, at det er behov for andre endringar enn dei vi nemnde, 38 prosent var samde med det. Mange av desse kom også med forslag til endringar, og kommentarar til korleis det er i dag. Nedanfor er ein del av forslaga eller utsegnene tatt med, og det som først og

fremst blir nemnd er spørsmål knytta dialog og møteplassar, og spørsmål knytta til organisering og styring. Slik blir dette uttrykt:

Forvaltninga bør lærast opp til dialog, til å bli meir bevisste overfor andre samfunnsinteresser

Skapa møteplassar der forståing for kvarandres leveveg og næring kan respekterast

Betre samhandling med andre

Behov for større openhet frå reindriftsforvaltninga i planprosessar

Meir reindyrka forvaltning, i dag opplevest grensene mellom politikk og administrasjon som uklare. Også behov for mindre samanblanding mellom administrasjon og næringsutøvar

Områdestyra må bli politisk styrte, og ikkje styrte av næringsutøvarane som i dag

Større område og dermed også større områdestyre, slik kan ein få meir profesjonelle styremedlemmer

Områdestyret brukar ikkje lovverket slik ein skal, særleg i konfliktsaker mellom reinbeitedistrikta. Ansvaret blir skubba nedover på distrikta utan at lokalforvaltninga tek ansvar for å bryta i gjennom

Områdestyret bør bli bevisste det ”totale samfunnsansvaret”

For liten avstand mellom næring og forvaltning

Må skilja klarare mellom næringas interesser og synspunkt og offentleg forvaltning sine synspunkt, saknar forvaltningas eigne faglege vurderingar av næringas utspel

Sametinget bør ikkje overta ansvaret for reindriftsforvaltninga, blant anna fordi Sametinget har for låg tilslutning i reindriftras kjerneområde

Bør organiserast meir i tråd med ”reindriftssamiske tradisjon”

Må vera open for å tilsetja folk i leiande stillingar sjølv om dei ikkje kjem frå det reindriftssamiske miljøet

Bør samorganiserast med skog- og landbrukssektoren – dvs hos Fylkesmannen/Samordnast med annan regional statsforvaltning

Reindriffta har for stor makt i forhold til fastbuande

Fleire av desse forslaga peikar på forhold som vart tatt opp andre stader i spørjeundersøkinga, slik som skilje mellom næring og forvaltning. Men det er også nemnt forhold vi ikkje tok opp, slik som openhet i planprosessar, og ikkje minst det som går på møteplassar, dialog og samhandling med andre samfunnsinteresser. Ulike kommentarar som var inne på det som kan kallast manglande eller dårleg dialog mellom reindrifftsforvaltninga og omverda var det som blei tatt opp oftast i kommentarane. Det var også ein heil del kommentarar som gjekk direkte på reindriftnæringa, og ikkje på reindrifftsforvaltninga, dette galdt også i forhold til manglande dialog. Desse kommentarane omtalar vi ikkje her.

3.2 Oppsummering

Reindrifftsforvaltninga klarar å synleggjera at næringa har ein spesiell rettstilling i samfunnet, og er viktig for samisk kultur. Godt over halvparten av dei som har svara er einige med påstanden, vel 64% for den førstnemnde påstanden og nærare 58% for den sistnemnde. Mange meiner elles at forvaltninga er nokså anonym, men klarar likevel å visa at reindriftnæringa har ein rettmessig plass i samfunnet. Vel tredjeparten er samde med at forvaltninga får fram at næringa er viktig, medan berre vel femteparten meiner at forvaltninga tek rimeleg omsyn til andre næringars behov.

Om lag 40% meiner at reindrifftsforvaltninga tek omsyn til andre samfunnsinteresser både når det gjeld arealforvaltning og andres ønskje om vern av areal, men også når det gjeld andres bruk av reinbeiteområdet. Men om lag like mange meiner at reindrifftsforvaltninga i svært liten grad eller ikkje tek omsyn til andre samfunnsinteresser når det gjeld arealforvaltning eller andres bruk av reinbeiteområdet. Berre når det gjeld andres ønskje om vern av

areala er det langt færre som meiner reindrifftsforvaltninga ikkje tek omsyn til dette enn som tek omsyn til det.

Medan meir enn ni av ti reinbeitedistrikt meiner at reindrifftsforvaltninga tek omsyn til andre samfunnsinteresser når det gjeld plansaker eller andres bruk av reinbeiteområda – allmennheten eller næringsinteresser -, så er det godt under fire av ti av offentlege organisasjonar eller etar som seier dette. Og for både interesseorganisasjonar og næringsorganisasjonar er tala enda lågare.

Reindrifftsforvaltning blir oppfatta å vera grei å komma i dialog med, men også som ei forvaltning som ofte møter med fastlåste meininger, eller som har vanskeleg for å sjå andre e andres behov. Reinbeitedistrikta (30,6%) er den som sterkast støttar påstanden om at reindrifftsforvaltninga er gode til å finna løysingar saman med andre. Det same gjeld påstanden om at det er greitt å komma i dialog med reindrifftsforvaltninga, også her er det reinbeitedistrikta (41,7%) som i størst grad er einige med påstanden. Når det gjeld påstanden om at reindrifftsforvaltninga ofte møter med fastlåste meininger så er det liten forskjell mellom dei ulike kategoriane informantar, med unnatak av ei gruppe; interesseorganisasjonane (18,3%), dei er minst enige i at reindrifftsforvaltninga møter andre med fastlåste meininger.

Når det gjeld behov for endringar innanfor organisering av reindrifftsforvaltninga, så er det ikkje stor oppslutnad om det. Men mange meiner likevel at områdestyra bør styrkast.

4 Forvaltninga og næringa


Ein del av spørjeundersøkinga handla om forholdet mellom den offentlege forvaltninga av reindrifta og reindriftnæringa. Også her bad vi informantane om å ta stilling til ei rekkje utsegner.

Utsegnene er som følgjer:

1. Den offentlige forvaltningen av reindriftnæringens kjennskap til samisk kultur er viktig i forvaltningen av næringen
2. Den offentlige forvaltningen av reindriftnæringa kjenner svært godt til næringa den er satt til å forvalte
3. Den offentlige forvaltningen av reindriftnæringa er styrt av folk med egeninteresser i næringa
4. Den offentlige forvaltningen av reindriftnæringa har den nødvendige avstanden til næringa den forvalter
5. Den offentlige forvaltningen av reindriftnæringa ar ikke tak i de viktigste utfordringene (spesifiser under)

Figuren nedanfor viser korleis informantane stilte seg til desse utsegnene.

Figur 4.1 Forvaltninga og næringa. Prosent. N=265




Det er stor oppslutning om at det er viktig at forvaltninga har god kjennskap til samisk kultur, to av tre er enige i denne påstanden. Av de grupper som meiner dette er viktig peikar særleg reinbeitedistrikta seg ut, der over 61% er enige med utsegna. Men også kommunane og fylkeskommunane er samde med dette. Også godt over halvparten meiner at reindriftsforvaltninga kjenner godt til næringa den forvaltar. Her er det kommunane og næringsorganisasjonane som i størst grad er samde med utsegnene, rundt 45% av desse meiner det. Medan i underkant av 39% av reinbeitedistrikta seier det same.

Ein tredjedel av informantane er vidare samde med utsegna om at forvaltninga er styrt av folk med eigeninteresser i næringa. Her peikar næringsorganisasjonane seg ut med å ha størst oppslutnad om denne utsegna, medan alle dei andre kategoriane informantar i liten grad er enige med denne påstanden.

Det er få – under 20% - som meiner at forvaltninga har nødvendig avstand til næringa. Reinbeitedistrikta skil seg ut her ved at i underkant av ein tredjedel av desse meiner forvaltninga har

nødvendig avstand til næringa. Alle dei andre kategoriane – fylkeskommunar, interesseorganisasjonar og andre – er i svært liten grad enige med dette.

Figur 4.2 *Ulike gruppers vurdering av påstander om reindriftsforvaltningen*. Prosent. N=265.




Når det gjeld forvaltningas evne til å ta tak i dei viktigaste utfordringane i næringa, så meiner samla nærare 47% av informantane at forvaltninga ikkje tek tak i desse. Nærare halvparten opplever med andre ord reindriftsforvaltninga som ei forvaltning som ikkje evnar å ta tak i dei viktigaste utfordringane i næringa. Igjen er det reinbeitedistrikta som er mest samde med utsegna, over 44% av desse meiner dette., noko som understrekar at dei som er i næringa opplever forvaltninga som ei forvaltning som ikkje tek tak i dei viktigaste utfordringane i næringa. Men også ein tredjedel av interesseorganisasjonane er enige med utsegna.

Om vi ser på korleis haldningane til desse påstandane fordeler seg regionalt, får vi eit bilete som viser store forskjellar mellom dei

ulike regionane, og der dei som er mest kritiske er å finna i Finnmark (sjå diagrammet nedanfor).

Figur 4.3 *Regional fordeling av dei som er belt enige/noe enige i tre ulike påstandar om reindriftsforvaltninga. Prosent. N= 212*



Finnmark merker seg ut med klart størst oppslutning om påstandane om at reindriftsforvaltninga er styrt av folk med eigeninteresse i næringa, og enda meir av at forvaltninga ikkje tek tak i dei viktigaste utfordringane i næringa. Nærare 77 prosent meiner at dette siste er tilfelle, noko som er langt over dei regionale resultatane elles. Det er også langt større oppslutnad om desse påstandane i Finnmark enn kva nokon av dei ulike gruppene (sjå ovanfor) elles meiner. Påstanden om at forvaltninga ikkje tek opp viktige utfordringar i næringa er klart særleg ein påstand som kjem frå Finnmark, og i langt mindre grad frå andre fylke. Få i Finnmark – og dei to andre nordnorske fylka – meiner forvaltninga har nødvendig avstand til næringa.

Mange av informantane har også nemnt kva dei ser på som dei viktigaste utfordringane i næringa. Arealspørsmålet er det som først og fremst blir nemnd som utfordring i framtida. Ei mindre

gruppe omhandlar rovdyrproblematikken og behovet for at reindriftna skaffar seg alliansar med andre.

Her er fleire av svara:

Reintalet

- Arealforvaltning,
- Areal- og beitekonflikt, nedbeiting, overbeiting
- Konflikt med andre næringar, særleg landbruket, og behov for dialog med desse
- Problem i utmarka (motorisering, gjerdebygging)
- Rovdyrproblematikken
- Heilhet, samfunnsansvar
- Behov for alliansar med andre, særleg landbruket (areal og rovdyr)
- Elendig omdømmebygging

Det som går igjen i kommentarane her er særleg det som går på det problematisk med reintalet eller arealforvaltninga, eller dei andre temaa nemnde ovanfor, og at det er behov for å gjera noko på desse områda.

4.1 Oppsummering

Kjennskap til samisk kultur blir oppfatta som svært viktig for forvaltning av reindriftnæringa. Reindriftnæringa blir sett som ei forvaltning som kjenner godt til næringa den skal forvalta. Samstundes meiner fleire enn tredjeparten av dei som deltek i undersøkinga at reindriftnæring er styrt av folk med eigeninteresse i næringa, og enda fleire meiner at forvaltninga ikkje tek tak i dei viktigaste utfordringane næringa har. Om vi ser bort frå reinbeitedistrikta så er det også få som meiner forvaltninga har nødvendig avstand til næringa den forvaltar. Noko anna som kjem fram er at det er stor oppslutnad om at reindriftnæringa ikkje tek tak i dei viktigaste utfordringane i næringa. Og desse utfordringane har i stor grad å gjera med arealspørsmål og bruken av areal, men også med behovet for å bygga alliansar med andre, og forhalda seg til andre deler av offentleg forvaltning og til andre samfunnsinteresser på ein annan måte enn i dag.

5 Den offentlege forvaltninga av reindrifta som offentleg organ

Offentleg forvaltning står overfor ulike krav og forventningar frå dei som er brukarar av tenestene forvaltninga leverer. Dette gjeld også den offentlege forvaltninga av reindrifta. I ein del av spørjeundersøkinga vektla vi nettopp korleis reindrifftsforvaltninga blir oppfatta som offentleg organ av dei som samhandlar mest med denne forvaltninga.

Vi spurte om korleis informantane såg på reindrifftsforvaltninga som offentleg organ med ansvar for å forvalta reindriftpolitikken i landet. Spørsmålet stilte vi også her som ei rekkje utsegner vi bad deltakarane i undersøkinga ta stilling til. Spørsmålet var som følger: *Effektivitet og det å løse oppgaver fornuftig og raskt og på en god måte er viktig for offentlig forvaltning. Hvordan opplever dere den offentlige forvaltningen av reindriften i så måte?*


Utsegnene informantane skulle ta stilling til er vist nedanfor:

1. Den offentlige forvaltningen av reindriften framstår som effektiv og handlekraftig
2. Den offentlige forvaltningen av reindriften får sakene rimelig raskt unna
3. Vi opplever ofte forsinkelser og utsettinger fra den offentlige forvaltningen av reindriften sin side
4. Den offentlige forvaltningen av reindriften framstår som ryddig og taler med én stemme
5. Ulike deler av den offentlige forvaltningen av reindriften samarbeider ikke godt nok

6. Forvaltningsapparatet er for dårlig til å gå inn i konflikter i næringen

Figuren nedanfor viser korleis svara fordeler seg.

Figur 5.1 *Reindriftsforvaltninga som offentlig organ. Prosent. N=211*




Dei tre første påstandane – til venstre i diagrammet over – er alle påstandar som framstiller forvaltninga på ein positiv måte, at den framstår som effektiv og handlekraftig, får sakene rimeleg raskt unna og framstår som ryddig og talar med ei stemme. Ingen av desse påstandane får stor oppslutning – for alle er det mellom 15 og 18 prosent som seier dei er enige med desse utsegnene.

Dei tre siste påstandane – til høgre i diagrammet – er alle påstandar som viser til negative sider ved forvaltninga, at brukarane ofte opplever forseinking og utsetting, at ulike deler av forvaltninga ikkje samarbeidar godt nok, og at forvaltninga er for dårleg til å gå inn i konflikter i næringa. Alle desse påstandane får høgare oppslutning enn dei tre førstnemnde. Særleg gjeld dette påstanden om at forvaltninga er for dårleg til å gå inn i konflikter i

reindriftsnæringa, vel 42% av dei som har svara meiner denne påstanden stemmer. Men også godt over tredjeparten av informantane er enige med dei to andre påstandane.

Vi har sett nærare på to av påstandane ovanfor – dei to til høgre, dei som omhandlar reindriftforvaltningas samarbeid med andre og forvaltningas evne til å gå inn i konflikter i næringa og sett på korleis svara frå dei ulike gruppene vi har spurt fordeler seg her.

Figur 5.2 *Vurdering av samarbeid av reindriftsforvaltningas samarbeid med andre, og forvaltningas konfliktløysing innan reindriftsnæringa. Prosent. N=212*




Det vi ser er at det er reinbeitedistrikta og næringsorganisasjonane som er mest kritiske i svara. Vel to tredjedeler av reinbeitedistrikta meiner at ulike deler av reindriftsforvaltninga er for dårleg til å samarbeida, og over 70 prosent av reinbeitedistrikta meiner forvaltninga er for dårleg til å gå inn i konflikter i næringa. Desse tala er høgare enn kva dei er for næringsorganisasjonane, og vesentlege høgare enn kva offentlege organ og etatar, eller interesseorganisasjonar seier. Berre mellom 22 og 26,5 prosent av desse meiner reindriftsforvaltninga samarbeider for dårleg internt,

medan mellom 35-40 prosent av dei same gruppene meiner reindriftsforvaltninga er for dårleg til å gå inn i konflikatar i næringa. Påstanden om dårleg handtering av konflikt i næringa er elles ein av påstandane som får størst oppslutnad i undersøkinga. Unntaket her er påstanden om at reindriftsforvaltninga tek omsyn til andre interesser når det gjeld arealspørsmål (sjå Figur 3.4), som får vesentleg høgare oppslutnad frå reinbeitedistrikta, men ikkje frå dei andre grupperingane.

Dei regionale resultatane for same påstandane ser vi nedanfor, og det går klart fram det er respondentar frå Finnmark som i størst grad er samde med påstandane om at reindriftsforvaltninga ikkje samarbeider godt nok med andre etatar eller organisasjonar, og at den same forvaltninga er for dårleg til å gå inn i konflikatar i næringa. Forskjellen mellom resultatane frå Finnmark og dei andre er stor for begge påstandane, og særleg for den som går på å vera for dårleg til å gå inn i konflikatar i næringa.

Figur 5.3 *Regional fordeling med omsyn til vurdering av påstandar om reindriftsforvaltninga.*



5.1 Kva er viktig for den offentlege forvaltninga av reindriffta i deira arbeid for reindriffta?

Her hadde vi følgjande utsegn i spørjeundersøkinga, som vi bad respondentane ta stilling til:

Mange ganger hevdes det at reindriffts-næringa er en spesiell næring, og den offentlige forvaltningen av reindrifften må ta hensyn til dette. Et motsatt syn sier derimot at den offentlige forvaltningen av reindrifften bør arbeide etter tilsvarende retningslinjer som offentlig forvaltning ellers. Hva er deres synspunkt her? (utdyp):

Her opna vi for at respondentane kunne svara det dei ønskte. Og det kom mange svar. I hovudsak delte dei seg i to grupper; dei som såg det problematiske med å ha ei særstilling, og dei som, og dei som argumenterte for at det er naudsynt å ha ei særstilling. I tillegg kom det mange kommentar som gjekk på næringa, og ikkje forvaltninga.

Dei som argumenterte med at reindrifftsforvaltninga ikkje bør ha ei særstilling samanlikna med andre deler av forvaltninga trekte fram argument om at andre samfunnsområde må også forhalda seg til offentlig lovverk, og at det er ikkje spesielle behov for at reindrifftsforvaltninga skal ha større vanskar med det enn andre. Å arbeida etter "vanlege" retningslinjer vil dessutan gje større legitimitet i samfunnet, var eit anna argument. "Alle næringar er spesielle, det er ingen grunn til at reindrifftsforvaltninga skal være den eneste med særregler" vart det også sagt, dessutan at "særbehandling skaper grunnlag for konflikter". Under mange av argumenta mot at det bør vera ei særstilling for reindrifftsforvaltninga låg ofte det som kan virka som ei oppfatning av at reindrifftsforvaltninga har ei særstilling i dag.

Den andre hovudgruppa; dei som argumenterte for at det er naudsynt at reindrifftsforvaltninga må ha ei særstilling i forvaltningsapparatet, trekte ofte fram kultur og "særlige forhold" ved næringa som gjer det naudsynt med ei anna forvaltning enn vanleg offentlig forvaltning. ILO-konvensjonen og urfolksperspektivet blei nemnt i slike samanhengar.

I tillegg til dei som anten ville ha ei forvaltning med ei viss særstilling, eller ei "vanleg" forvaltning, var det fleire som ikkje tok stilling til dette, men som var meir opptekne av kva reindriftsforvaltninga er dårleg til i dag. Det er blant anna at forvaltninga er for svak overfor næringa, og let seg ifølgje respondentane våre, styra av næringa. Forvaltninga bør også bli flinkare til å få inn i konfliktsituasjonar der næringa er representert. I dag, hevda fleire, "lit forvaltninga på andre offentlege styresmakter, og tør ikkje gå inn i konflikhtar som har med reindriften og reindriftsforvaltninga å gjera. Det vart også hevda at reindriftsforvaltninga er for utydeleg, feig meinte somme, og fungerer for dårleg.

5.2 Oppsummering

I spørjeundersøkinga vår hadde vi med påstandar om reindriftsforvaltninga. Når det gjeld forvaltninga som offentlig organ hevda vi blant anna at reindriftsforvaltninga er effektiv og handlekraftig, får sakene rimeleg raskt unna og framstår som ryddig og talar med ei stemme. Ingen av desse påstandane fekk stor oppslutning – for alle er det mellom 25 og 28 prosent som sa dei er einige med desse utsegnene. Derimot fekk tre negative påstandar vi hadde med under same del av undersøkinga langt større oppslutnad. Dette var påstandar som viser til negative sider ved forvaltninga, at brukarane ofte opplever forseinking og utsetting, at ulike deler av forvaltninga ikkje samarbeidar godt nok, og at forvaltninga er for dårleg til å gå inn i konflikhtar i næringa. Alle desse påstandane får høgare oppslutning enn dei tre førstnemnde. Særleg gjeld dette påstanden om at forvaltninga er for dårleg til å gå inn i konflikhtar i reindriftnæringa, vel 42% av dei som har svara meiner denne påstanden stemmer. Men også godt over tredjeparten av informantane er einige med dei to andre påstandane. Det er reinbeitedistrikta og næringsorganisasjonane som er mest kritiske i svara. Vel to tredjedeler av reinbeitedistrikta meiner at ulike deler av reindriftsforvaltninga er for dårleg til å samarbeida, og over 70 prosent av reinbeitedistrikta meiner forvaltninga er for dårleg til å gå inn i konflikhtar i næringa. Desse tala er høgare enn kva dei er for næringsorganisasjonane, og vesentlege høgare enn kva offentlege organ og etatar, eller interesseorganisasjonar seier. Påstanden om dårleg handtering av konflikt i næringa er elles ein av påstandane som får størst

oppslutnad i undersøkinga. Unntaket her er påstanden om at reindriftsforvaltninga tek omsyn til andre interesser når det gjeld arealspørsmål, som får vesentleg høgare oppslutnad frå reinbeitedistrikta, men ikkje frå dei andre grupperingane.

6 Kommunikasjon med omverda

Den siste delen av undersøkinga omhandla reindriftforvaltningas kommunikasjon med omverda. I omdømmelitteraturen blir kommunikasjon sett på som svært avgjerande for ei bedrift eller ein organisasjon sitt omdømme (Fombrun og van Riel 2004)⁶. I desse undersøkingane går det klart fram at dei virksomhetane som skårar høgast på omdømmemålingar, er dei som også er mest *synlege* i det offentlege rommet, og då særleg massemedia. Dette er verksemder som er villige til å gje frå seg informasjon om seg sjølve gjennom direkte dialog med interessentar. På denne måten blir dei oppfatta som ekte og til å stola på, noko som igjen medverkar til at interessentane støttar og forsvarar dei

Omdømme har også å gjera med at organisasjonen eller bedrifta er *tydeleg*, og i omdømmebygginga er det då viktig å leggja vekt på forhold som framstår som aktverdige og samfunnsbyggande, og heller framheva mindre andre deler av verksemda som ikkje oppfyller slike krav i tilsvarande grad. Samstundes er det viktig at all kommunikasjon må vera forankra i verksemda sin eigen sjølvforståing eller identitet, velregisserte utspel eller reklamekampanjar er ikkje nok. *Autentiske* organisasjonar blir oppfatta som ekte, nøyaktige og til å stola på. Dette inneber at kjerneverdiane må vera kjende blant dei tilsette, og bli gjort kjende utover på ein nokolunde konsistent måte.

For å oppnå og vedlikehalda eit godt omdømme er det viktig å få fram kva organisasjonen eller institusjonen har som oppgåve, korleis desse blir løyste og kvifor. Det inneber igjen omfattande

⁶ Fombrun, C & C M B van Riel (2004): *Fame & Fortune*, NJ: Financial Times Prentice Hall Books

informasjon, med andre ord å leggja til rette for *gjennomsiktighet*. Fombrun & van Riel peikar også på eit femte punkt som er viktig for omdømme, og det er at kommunikasjonen med omverda er *konsistent*.


6.1 Reindriftsforvaltninga og kommunikasjon

I denne delen av undersøkinga bad vi deltakarane ta stilling til følgjande påstandar !:

1. Den offentlige forvaltningen av reindriften er dyktig til å bruke massemedia
2. Den offentlige forvaltningen av reindriften er opptatt av å få til dialog med andre interesser
3. Den offentlige forvaltningen av reindriften er villig til å forhandle for å finne løsninger
4. Den offentlige forvaltningen av reindriften er utydelig i sin kommunikasjon
5. De er vanskelig å skille mellom forvaltning og næring
6. Den offentlige forvaltningen av reindriften har et nært og godt forhold til omverden

I forhold til punkta som er peika på ovanfor når det gjeld omdømme og omdømme og omdømmebygging, så er vi særleg inne på tre av punkta; synleghet (påstand 1), tydleghet (påstand 4) og konsistens (påstand 5). Synleghet krev at ein er dyktig til å bruka massemedia og komma fram med sitt syn i det offentlege rommet, medan konsistens krev at forvaltninga klarar å formidla klart kva som er deira oppgåve og at det går klart fram at det er skilje mellom forvaltninga og næringa. Dei andre punkta våre går meir på korleis reindriftsforvaltninga forhold seg til omverda, og korleis dette blir oppfatta, det vil seie om dette er ei forvaltning som blir oppfatta som dialoginteresserte, forhandlingsvillige og å ha eit godt og nært forhold til omverda. Også dette er med på og skapa omdømme.


Figur 6.1 Forvaltninga og kommunikasjon med omverda. Prosent.
N=211



Reindriftsforvaltninga får dårleg kritikk når det gjeld kommunikasjon med omverda. Reindriftsforvaltning får såleis låg skår på påstanden om at den er ”dyktig til å bruke massemedia”, eller at den er opptatt å få til dialog med andre, eller viljug til å forhandla for å finna løysingar. 36 prosent meiner reindriftsforvaltninga er utydeleg i sin kommunikasjon med omverda, og 58,6 prosent meiner det er vanskeleg å skilja mellom forvaltning og næring. Under ti prosent (9,6) seier at forvaltninga har eit ”nært og godt forhold til omverden”.

Samla framstår reindriftsforvaltninga som ei forvaltning med eit problematisk forhold til omverda, sett frå dei som skal forhalda seg til reindriftsforvaltninga.


Figur 6.2 Forvaltning og kommunikasjon med omverda etter respondentgrupper. N=211



Det er ikkje noko eintydig bilete som viser seg når vi ser på korleis dei ulike respondentgruppene har svar på påstandane om reindriftsforvaltninga og kommunikasjon med omverda. Reinbeitedistrikta peikar seg likevel ut som å stort sett vera dei som er positive til forvaltningas kommunikasjon med omverda, ved at dei i større grad enn andre grupper meiner at forvaltninga er opptatt av å få dialog med andre interesser, er villige til å forhandle for å finna løysingar og har eit nært og godt forhold til omverda. På alle desse punkta skil reinbeitedistrikta seg klart frå alle andre grupper, og særleg frå interesseorganisasjonane. Men samtidig så er ingen andre som er meir samde med påstanden om at forvaltninga er utydelig i sin kommunikasjon med omverda enn kva reinbeitedistrikta er. For alle dei andre respondentgruppene er svara meir jamne frå påstand til påstand, og alle påstandane – utanom den som går på skiljet mellom forvaltning og næring, får låg skår.

Når vi ser på korleis svara fordeler seg geografisk finn vi store forskjellar, slik figuren nedanfor viser. Det er Finnmark som peikar seg ut i forhold til å avvika mest frå gjennomsnittssynet på alle påstandane våre. Berre for to av påstandane, den som går på dyktighet i å bruka massemedia og den som går på at reindriftsforvaltninga er opptatt av å få dialog med andre interesser er det andre geografiske område som skil seg ut frå gjennomsnittresultatet. Områda i Sør-Noreg meiner i større grad enn gjennomsnittet at reindriftsforvaltninga er dyktig i å bruka massemedia, og Trøndelagsfylka sluttar meir opp om påstanden om at reindriftsforvaltninga er opptatt av å få til dialog med andre interesser. For alle andre påstandane er det Finnmark som skil seg ut.

Figur 6.3 *Geografisk resultat av vurdering av seks påstandar om reindriftsforvaltninga og kommunikasjon. N=213. Prosent.*



For dei fire påstandane som er presentert til høgre i figuren er det Finnmark som skil seg ut frå gjennomsnittresultatet, slik det er presentert i figur 6.1. Langt fleire i Finnmark enn i utvalet – 50% mot 29,2 % - meiner at reindriftsforvaltninga er villig til å forhandla for å finna løysingar. Samstundes er det fleire i Finnmark

enn gjennomsnittet i utvalet som meiner reindrifftsforvaltninga er utydeleg i kommunikasjonen sin – 48,2% mot 36,2 %, og som meiner at det er vanskeleg å skilja mellom forvaltning og næring 69,2 % mot 58,6 %. Samstundes meiner fleire frå Finnmark enn frå resten av landet av reindrifftsforvaltninga har eit nært og godt forhold til omverda si.

6.2 Oppsummering

Oppsummeringsvis kan vi seia at reindrifftsforvaltninga får dårleg omtale når det gjeld kommunikasjon med omverda, og sjølv om reinbeitedistrikta er dei som jamt over er mest positive, så er heller ikkje dei spesielt positive. Omdømme er avhengig av at omverda kjenner til ein, på godt og vondt. Reindrifftsforvaltninga framstår samla sett ikkje som ei forvaltning som er dyktig til å bruka massemedia, og dermed bygga seg opp eit godt omdømme gjennom dette. Kommunikasjonen mot omverda blir oppfatta som utydeleg, og framfor alt er det vanskeleg å vita om det er forvaltninga eller næringa som har uttalt seg. Truleg har ikkje reindrifftsforvaltninga eineansvaret for at omverda ikkje klarar å skilja mellom reindrifftsforvaltninga og reindriffts-næringa, men forvaltninga synest like fullt å ikkje ha vore tydeleg nok i kva den har ansvar for og kva næringa har ansvar for. I alle fall må vi kunna seia dette når respondentane ikkje er eit tilfeldig utval av befolkninga, men i utgangspunktet representerer andre organ eller organisasjonar som kan tenkjast å ha med reindrifftsforvaltninga å gjera i større eller mindre grad. Reindrifftsforvaltninga framstår med andre ord som lite dyktig i å bruka massemedia – og dermed lite synleg og utydeleg for kompetente respondentar innanfor reindrifftsforvaltninga sitt eige geografiske område.

Omverda – her representert ved utvalet vårt – er også nokså kritiske til *korleis* reindrifftsforvaltninga forhold seg til andre på. Fleirtalet er uenige i vår påstand om at reindrifftsforvaltninga er opptatt av å få til dialog med andre, er forhandlingsvillig eller at dei har eit nært og godt forhold til omverda. Særleg er det svært få som meiner at reindrifftsforvaltninga har eit nært og godt forhold til omverda. Samstundes er det verdt å merka seg at kritikken mot reindrifftsforvaltninga jamt over ikkje er like sterk frå Finnmark som frå resten av forvaltningsområdet, og at Finnmark i langt større grad enn andre oppfattar reindrifftsforvaltninga som ei

forvaltning som er opptatt å få til dialog med andre. Samla er det all grunn til å tru at offentlege aktørar i Finnmark har meir erfaring med å gå inn i forhandlingar med reindriftsforvaltninga enn kva offentlege aktørar elles har, og såleis har solid bakgrunn for standpunkta sine.

7 Utfordringar framover

7.1 Ein vanskeleg konstruksjon

Reindrifftsforvaltninga er ein etat med mange oppgåver og ei oppbygging som skil seg frå andre offentlege etatar. Utfordringane dette skaper blei mellom anna tatt opp i ein NIBR-rapport som evaluerte organisasjon og verksemd (Lie og Nygaard 2000). I denne føreliggande rapporten blir det ikkje sett på interne forhold, men på korleis omverda oppfattar reindrifftsforvaltninga, og kva bilete omverda har av korleis det er å samhandla med reindrifftsforvaltninga.

For omverda er reindrifftsforvaltninga vanskeleg å forstå, i meininga å få oversikt over – også for dei som er innanfor næringa. Det er likevel visse forskjellar i kva grad reindrifftsforvaltninga er kjent for omverda, og kva omverda meiner om dei ulike delane av forvaltninga. Hovudtrekka er at dei som er nærast reindrifftsforvaltninga på ulike måtar, anten det gjeld næringa eller andre offentlege institusjonar, er dei som gjev reindrifftsforvaltninga best omtale, og som kjenner best til denne. Innanfor reindrifftsforvaltninga er det lokalkontora og områdestyra som er best kjende av andre, og som får best kritikk. Hovudintrykket elles er at reindrifftsforvaltninga er ein vanskeleg konstruksjon å få oversikt over, og at svært mange av respondentane våre ikkje veit kva dei meiner om dei ulike delane av det forvaltningsapparatet som samla utgjer den offentlege forvaltninga av reindriffta i Noreg. Svara vi har fått fortel slik ikkje først og fremst om at reindrifftsforvaltninga gjer ein god eller dårleg jobb, men at omverda – anten det er kommunar, fylkeskommunar eller frivillige organisasjonar – ikkje veit kva dei meiner om reindrifftsforvaltninga sitt arbeid. Dei som kjenner

reindrifftsforvaltninga best - og det er reinbeitedistrikta – er samstundes dei som gjev denne best omtale.

Korleis blir så arbeidet til reindrifftsforvaltninga vurdert sett i forhold til andre samfunnsinteresser? Svaret her er at reindrifftsforvaltninga er gode til å synleggjera at dei arbeider med ei næring som har ein spesiell rettstilling i samfunnet, og at næringa er viktig for samisk kultur. Særstilling krev like fullt evne til å forhalda seg til andre samfunnsinteresser, og her er tilbagemeldinga meir delt, der eit knapt fleirtal meiner at reindrifftsforvaltninga ikkje tek omsyn til andre samfunnsinteresser, anten det gjeld arealforvaltning eller andres bruk av reinbeiteområda. Samstundes blir reindrifftsforvaltninga oppfatta som ei forvaltning som rett nok er grei å komma i dialog med, men også ei forvaltning som ofte møter med fastlåste meiningar og som har vanskeleg for å sjå andre sine behov. Igjen peikar reinbeitedistrikta seg ut, ved å vera dei som i minst grad støttar opp om biletet av reindrifftsforvaltninga som ei forvaltning som er klar over si særstilling, og som har vanskar med å gå i dialog med andre.

Reindrifftsforvaltninga blir oppfatta som ei forvaltning med god kunnskap om næringa den skal forvalta. Baksida her synest å vera at forvaltninga i følgje respondentane våre ikkje har nødvendig avstand til næringa, slik det er forventa at forvaltninga skal ha. Spørjeundersøkinga gjev oss heller ikkje inntrykk av ei reindrifftsforvaltning som tek tak i dei viktigaste utfordringane i næringa, noko ikkje minst reinbeitedistrikta seier. Undersøkinga vår fortel ingenting om desse oppfatningane blir delte av dei som arbeider innanfor reindrifftsforvaltninga, - vi har ikkje spurt desse, det er omverda undersøkinga vår er retta mot. Vi kan heller ikkje seia om manglande kompetanse eller dei tilsette innanfor forvaltninga har for mange oppgåver å ta seg av. NIBR-evalueringa frå 2000 (Lie og Nygaard 2000) peika på eit udekket kompetansebehov i reindrifftsforvaltninga, og nemnde spesielt juridisk kompetanse og behov for styrking av saksbehandlingskompetanse, spesielt for dei som arbeider med arealsaker. I kva grad det er behov for endringar innanfor forvaltninga, og då særleg i forhold til kompetanseheving, kan først svarast på om det blir gjort ei eiga undersøking innanfor reindrifftsforvaltninga.

Som *offentleg* organ framstår reindriftsforvaltninga ikkje som effektiv og handlekraftig, biletet er snarare ei forvaltning som ikkje samarbeider godt nok, der brukarane ofte opplever forseinking og utsetjing, og at forvaltninga er dårleg til å gå inn i konflikter i næringa. Og det er dei som er i næringa, her representert ved reinbeitedistrikta, som er mest kritiske. Samstundes er reinbeitedistrikta dei som først og fremst meiner at forvaltninga er opptatt av å få dialog med andre interesser, villige til å forhandla seg fram til løysingar og har eit godt og nært forhold til omverda. Samla sett blir likevel reindriftsforvaltninga oppfatta som ei offentlig forvaltning som er dårleg i kommunikasjonen med omverda

Om vi ser på spørjeundersøkinga under eitt, gjev denne oss eit inntrykk av ei forvaltning som har svært god kunnskap om næringa den forvaltar og god kjennskap til det spesielle med denne næringa. Samstundes blir forvaltninga oppfatta som ei forvaltning som ikkje heilt lever opp til noko av det som blir forventet av offentlig forvaltning, det vil seie å ha avstand til næringa ein forvaltar, ikkje møta med fastlåste meiningar, ha evne til å gå inn i konflikter og i dialog med andre, og finna nødvendige avvegingar og kompromiss.

7.2 Utfordringane slik omverda ser dei

Det er to ord som peikar seg ut når det gjeld utfordringar for hopehavet mellom reindriftsforvaltninga og omverda i åra som kjem, og det er areal og samhandling. Reindrift i Noreg føregår innanfor ein stor del av arealet her i landet, areal som også andre enn reindriften brukar. Reindriftsforvaltninga må i mange og ulike situasjonar forhalda seg til andre interessentar når det gjeld bruken og forvaltninga av areal som er av interesse for mange, anten det gjeld ulik næringsutnytting, utbyggingsspørsmål, vern eller bruk til rekreasjon og fritidsføremål. Samstundes er det grunn til å rekna med at klimaendringar kan komma til å påverka også areal som reindriften nyttar i dag.

Reindriftsforvaltninga i dag blir oppfatta av omverda som ei forvaltning som kjenner godt til næringa den forvaltar, og gjer ein god jobb der, men samstundes som ei forvaltning som har behov for endringar i forhold til omverda. Betre forhold til omverda,

betre samhandling med omverda, eller det som kan kallast alliansebygging blir trekt fram som noko av det viktigaste når det er snakk om utfordringar for reindriftsforvaltninga i åra framover, slik omverda ser det. Dialog med andre samfunnsinteresser, medvitne om andre samfunnsinteresser og betre på å finna gode løysingar saman med andre er forslag som går igjen når respondentane våre svarar på kva reindriftsforvaltninga bør bli betre på i tida framover. Ei utfordring her er å klara å skapa møteplassar der reindriftsforvaltninga kan gå i dialog med andre for å kunna finna løysingar på saker som er viktige for fleire parter. I deler av verkeområdet til reindriftsforvaltninga har det blitt satsa på dialog mellom ulike samfunnsinteresser, og undersøkinga vår tyder på at dette har sett positive spor etter seg. Slike erfaringar kan vera verdt å ta med seg vidare.

Litteratur

Hellevik, Ottar (1977); *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap*, Oslo: Univeristetsforlaget

Henriksen, Jan (2008): *Dommens dag for omdømmet?*, Kommunikasjon 3/2008

Kavli, Håkon og Ingrid Wergeland (2009): *Offentlige etaters omdømme*, Kommunikasjon 1/2009

Lie, Ivar og Vigdis Nygaard (2000): *Reindriftsforvaltningen. En evaluering av organisasjon og virksomhet*, NIBR-rapport 2000:16

Strand, Torodd (2006) : *Leiing, organisasjon og kultur*, Fagbokforlaget, 2006

Vedlegg 1

Spørreskjema

Denne spørreundersøkelsen handler om reindriftsforvaltningen og deres ansvar og oppgaveløsning. Vi vil gjerne få vite om din/deres erfaring med reindriftsforvaltningen, og hvilke inntrykk du/dere har av hvordan reindriftsforvaltningen ivaretar sine oppgaver og sitt ansvar ovenfor næringen og i samfunnet.

Alle svar skal gjøres på vegne av den institusjonen som nevnes i eposten med linken til denne undersøkelsen. På de aller fleste spørsmålene skal du/dere krysse av på en skala fra 1 til 6 når dere svarer på spørsmålene.

Det er også noen åpne spørsmål som du/dere kan svare på med egne ord.

Alle svar behandles konfidensielt og vil ikke kunne spores tilbake til den som svarer. Hele undersøkelsen tar ikke mer enn fem minutter å besvare. Vi håper du tar deg tid til dette!

Kontakt med og kjennskap til reindriftsforvaltningen

Hvor ofte har dere kontakt med forvaltningskontorene?

	Svært ofte	Ofte	Av og til	Sjelden	Aldri	Vet ikke
Reindriftsforvaltningen i Alta	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Lokalkontoret i Karasjøk	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Lokalkontoret i Kautokeino	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Lokalkontoret i Bardufoss	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Lokalkontoret på Fauske	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Lokalkontoret i Snåsa	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Lokalkontoret på Røros	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Hvor ofte har dere kontakt med forvaltningsorganene

	Svært ofte	Ofte	Av og til	Sjelden	Aldri	Vet ikke
Reindriftsstyret	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Områdestyret for Øst-Finnmark	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Områdestyret for Vest-Finnmark	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Områdestyret for Troms	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Områdestyret for Nordland	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Områdestyret for Nord-Trøndelag	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Områdestyret for Sør-Trøndelag og Hedmark	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Kontakt med og kjennskap til reindriftsforvaltningen (forts.)

Hvordan vil du/dere karakterisere din/deres kjennskap til reindriftsforvaltningen?

Kjenner svært godt til forvaltningen	<input type="checkbox"/>
Kjenner rimelig godt til forvaltningen	<input type="checkbox"/>
Kjenner nokså godt til forvaltningen	<input type="checkbox"/>
Kjenner lite til forvaltningen	<input type="checkbox"/>
Kjenner ikke til forvaltningen	<input type="checkbox"/>
Vet ikke	<input type="checkbox"/>

Ved kontakt med reindrifftsforvaltningen (kontorene eller styret(-ene) hvem er det vanligvis som tar kontakt?

Reindrifftsforvaltningen tar kontakt

Vi tar kontakt

Vi har aldri kontakt

Når hadde du/dere sist kontakt med reindrifftsforvaltningen?

Hvilken del av den?

Hva gjaldt kontakten?

Reindrifftsforvaltningen i et samfunnsperspektiv

Nedenfor ber vi dere ta stilling til hvordan dere oppfatter at reindrifftsforvaltningen utøver sitt samfunnsansvar, og hvordan dere bedømmer denne forvaltningen sett ut fra et samfunnsperspektiv

Oppgi hvor enig du/dere er i følgende påstander

	Helt enig	Noe enig	Nøytra 1	Litt uenig	Helt uenig	Vet ikke
Forvaltningen får fram viktigheten av reindrifftsneringen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Reindrifftsforvaltningen er nokså anonym	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Reindrifftsforvaltningen tar ikke hensyn til andre næringers behov	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Reindrifftsforvaltningen viser at næringen har en rettmessig plass i samfunnet	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Reindrifftsforvaltningen synliggjør næringen som viktig for samisk kultur	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Reindrifftsforvaltningen viser at næringen har en spesiell rettsstilling i vårt samfunn	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Kom gjerne med flere kommentarer i forhold til temaet:

Bidrar reindrifftsforvaltningen på en god måte med tanke på å få omverden til å forstå at næringen er viktig for samisk kultur, og har en spesiell rettsstilling i vårt samfunn?

Ja, absolutt

Ja, men det kunne vært bedre

Nei, ikke spesielt godt

Nei, absolutt ikke

Vet ikke

Reindriftsforvaltningen og andre samfunnsinteresser

Tar reindriftsforvaltningen hensyn til andre samfunnsinteresser når det gjelder:

	Ja absolutt	Ja, i noen grad	I svært liten grad	Ikke i det hele tatt	Vet ikke
Arealforvaltning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Andres bruk av reinbeiteområde (allmennheten, næringsinteresser)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Andres ønske om vern av arealer	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Er det andre samfunnsområder der dialog er vanskelig? Oppgi under *det* eller *de* samfunnsområdene dere opplever det er vanskeligst å komme i dialog med reindriftsforvaltningen om:

Reindriftsforvaltningen og andre samfunnsinteresser (forts.)

Næringsutøvelse og forvaltningen av dette kan i blant komme i konflikt med andre samfunnsinteresser. Hvordan opplever dere at reindriftsforvaltningen håndterer slike situasjoner?

Hvor enig er du/dere i følgende påstander:

	Helt enig	Noe enig	Nøytral	Litt uenig	Helt uenig	Vet ikke
Reindriftsforvaltningen finner gode løsninger i forhandlinger sammen med andre aktører/institusjoner	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Det er greit å komme i dialog med reindriftsforvaltningen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Reindriftsforvaltningen møter ofte med fastlåste meninger	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Reindriftsforvaltningen har vanskelig for å se at andre samfunns- og næringsinteresser også har legitime behov	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Det var lettere å komme fram til kompromisser med reindriftsforvaltningen for fem år siden	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Reindriftsforvaltningen og reindriftnæringen

Kryss av hvor enig du/dere er i følgende påstander:

	Helt enig	Noe enig	Nøytral	Litt uenig	Helt uenig	Vet ikke
Reindriftsforvaltningens kjennskap til samisk kultur er viktig i forvaltningen av næringen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Reindriftsforvaltningen kjenner dårlig til næringen den er satt til å forvalte	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Reindriftsforvaltningen er styrt av folk med egeninteresser i næringen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Reindriftsforvaltningen har den nødvendige avstanden til næringen den forvalter	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Forvaltningen tar ikke tak i de viktigste utfordringene (spesifiser under)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Hva er den viktigste utfordringen i dag?

Reindriftsforvaltningen som offentlig organ

Effektivitet og det å løse oppgaver fornuftig og raskt og på en god måte er viktig for offentlig forvaltning. Hvordan opplever du reindriftsforvaltningens i så måte?

Oppgi hvor enig du/dere er i følgende påstander:

	Helt enig	Noe enig	Nøytral	Litt uenig	Helt uenig	Vet ikke
Forvaltningen framstår som effektiv og handlekraftig	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Forvaltningen får sakene rimelig raskt unna	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Vi opplever ofte forsinkelser og utsetninger fra reindriftsforvaltningens side	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Forvaltningen framstår som ryddig og taler med én stemme	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Ulike deler av reindriftsforvaltningen samarbeider ikke godt nok	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Forvaltningsapparatet er for dårlig til å gå inn i konflikter i næringen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Hva er viktig for reindriftsforvaltningen i deres arbeid for reindriften?

Mange ganger hevdes det at reindriftsnæringen er en spesiell næring, og reindriftsforvaltningen må ta hensyn til dette. Et motsatt syn sier derimot at reindriftsforvaltningen bør arbeide etter tilsvarende retningslinjer som offentlig forvaltning ellers. Hva er deres synspunkt her? (utdyp):

Reindriftsforvaltningens kommunikasjon med omverden

Oppgi hvor enig dere er i disse påstandene:

	Helt enig	Noe enig	Nøytral	Litt uenig	Helt uenig	Vet ikke
Forvaltningen er dyktig til å bruke massemedia	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Forvaltningen er opptatt av å få til dialog med andre interesser	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Forvaltningen er villig til å forhandle for å finne løsninger	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Reindriftsforvaltningen er utydelig i sin kommunikasjon	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Det er vanskelig å skille mellom forvaltning og næring	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Reindriftsforvaltningen har et nært og godt forhold til omverden	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>